



HORNINDAL KOMMUNE

KOMMUNEPLAN

2004 – 2015



DEL I
ANALYSE- OG UTFORDRINGSDEL

Eigengodkjend av kommunestyret den 25.03.2004 – sak 016/04

1. KOMMUNEPLANLEGGING?	4
1.1 Å MØTE FRAMTIDA.....	4
1.2 PLANDOKUMENTET.....	4
1.3 FYLKESPLANEN	5
1.4 BEREKRAFTIG UTVIKLING OG LOKAL AGENDA 21	5
1.4.1 KRAV FRÅ SENTRALT HALD.....	5
1.4.2 TILSLUTNING TIL FREDRIKSTADERKLÆRINGA.....	6
2. ANALYSE OG UTFORDRINGAR	7
HORNINDAL EIN GOD Plass Å LEVE?.....	7
2.1 FOLKETAL	8
2.1.1 UTVIKLING OG FRAMSKRIVING AV FOLKETALET	8
2.1.2 ALDERS- OG KJØNNFORDELING.....	10
2.1.3 HUSHALDNINGAR I HORNINDAL	10
2.2 BU OG LEVE.....	12
2.2.1 LIVSKVALITET OG LEVEKÅR I HORNINDAL.	12
LEVEKÅR I HORNINDAL.....	14
2.2.2 KULTURLIV OG FRITIDSAKTIVITETAR.....	14
2.2.3 UNGDOM.....	15
2.3 ARBEID OG NÆRINGS LIV	17
2.3.1 NÆRINGS LIVET I HORNINDAL	17
2.3.2 UTDANNINGSNIVÅ.....	18
2.3.3 PENDLING	18
2.3.4 UTVIKLING AV NÆRINGS LIVET I HORNINDAL.....	18
STRATEGIAR I NÆRINGSPLANEN:	19
2.3.4 GLOBALISERING OG REGIONALISERING.....	20
2.4 NATURRESSURSAR OG MILJØ	21
2.4.1 KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL:	21

2.4.2 AREALBRUK	21
2.4.3 BUSTADBYGGING OG BUSTADOMRÅDE	22
2.4.4 LANDBRUK OG LANDBRUKSAREAL	23
JORDVERN	23
BIOLOGISK MANGFALD.....	24
KULTURLANDSKAP.....	24
2.4.5 FRILUFTSLIV OG FRILUFTSOMRÅDE	24
2.4.6 VASSDRAG - VASSDRAGSPLANLEGGING	25
ENERGI.....	25
2.4.7 STØRRE TILTAK /PROSJEKT SOM VIL PÅVERKE AREALBRUKEN	26
KVIVSVEGEN.....	26
KJØSOMRÅDET	26
SETERDALANE.....	27
GRODÅS SENTRUM - MPG.....	28
2.5 REGION OG KOMMUNIKASJON	29
2.5.2 HEGS - REGIONEN	30
2.5.3 KVIVSVEGEN – NY REGIONDANNING.	31
2.5.3 RIKSVEG 60	32
2.5.4 BREIBAND – IKT	33

1. KOMMUNEPLANLEGGING?

1.1 Å MØTE FRAMTIDA

Kommuneplanen er ein **overordna plan for kommunen** som skal samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innafor kommunen sitt område. Den langsiktige delen skal etter pbl. § 20-1 innehalde mål for utviklinga i kommunen, retningslinjer for sektorane sin planlegging og ein arealdel for forvaltninga av areal og andre naturressursar.

Planlegging er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit middel for å **løyse samfunnsoppgåver** på ein god måte. Planlegging bidreg til rettstryggleik ved å skape **forutsigbarheit** for den enkelte innbyggjar og gir folk flest **mulegheit** til å påverke utviklinga i sine egne lokalsamfunn. Kommuneplanen er eit strategisk dokument, der **visjon og strategidanning** er det sentrale. **Konsekvensar** av ulike tiltak blir drøfta som eit grunnlag for visjon og strategidanninga.

I all samfunnsplanlegging, også kommuneplanlegging, ønskjer ein sjå på **heilskapen i samfunnet**. Den auka mobiliteten i samfunnet gjer at kommunegrensene i mange samanhengar blir underordna. Ungdom går på vidaregåande skule i nabokommunane, folk arbeider i andre kommunar og ein nyttar seg av kulturtilbod og tenestar i andre kommunar, næringslivet samarbeider med andre bedrifter i same region, eller ein har større bedrifter som har avdelingar fleire stader. Dette medfører at ein kommuneplan for Hornindal kommune også må ta for seg Hornindal si rolle i eit **regionalt perspektiv**.

1.2 PLANDOKUMENTET

For å kunne **møte framtida** må vi ha ei viss førestelling om kva framtida vil bringe, derfor må visjonen og innsatsområda basere seg på eit grunnlag som kan seie litt om mulegheiter og utfordringar i framtida.

Analyse og utfordringsdokumentet vil kaste lys over situasjonen no, samt utfordringar og mulegheiter i framtida. Frå politisk hald¹ kom det fram tidleg i prosessen eit ønske om at kommuneplanen skulle framstå som ”mulegheitenes plan”, derfor blir dette lagt vekt på i analyse- og utfordringsdelen. Vi har også valt å legge vekt på Hornindal si rolle i eit regionalt perspektiv. Kommunen er ein del av ein større samanheng og det må ein ta omsyn til når vi gjennom kommuneplanen tar sikte på å møte framtida.

På grunnlag av analyse- og utfordringsdokumentet blei det fastsett ein visjon for kommunen sin aktivitet fram mot 2015. **Mål og strategidelen** tek utgangspunkt i visjonen, definerer strategiar for å nå visjonen, og utdjuvar dette til konkrete delmål og tiltak. Arealdelen tek for seg

¹ Planutvalet 06.03.01

utnyttinga av areala som kommunen rår over. Arealdelen består av eit kart med føresegner og ein utfyllande tekstdel.

1.3 FYLKESPLANEN

Fylkesplanen for Sogn og Fjordane er samansett av 3 dokument:

1. Analyse og utfordringsdokumentet
2. Mål og strategidokumentet
3. Handlingsplanen

Følgjande temaområde er prioritert i Mål og strategidokumentet:

- Eit godt liv
- Næring og læring
- Berekraftig utvikling – regional agenda 21
- Infrastruktur

Gjennomgåande tema er:

- Ungdom
- Internasjonalt arbeid

Det er i tillegg til den overordna fylkesdelplanen vedteke fleire fylkesdelplanar, som skal leggest til grunn for kommuneplanarbeidet

1.4 BEREKRAFTIG UTVIKLING OG LOKAL AGENDA 21

1.4.1 KRAV FRÅ SENTRALT HALD

1.4.2 TILSLUTNING TIL FREDRIKSTADERKLÆRINGA.

Hornindal kommune har skrivne under Fredrikstaderklæringa, dette forpliktar kommunen til å

gjere kommuneplanlegginga til eit praktisk og forpliktande verktøy i arbeidet for ei berekraftig samfunnsutvikling. Middelet for å sikre ei berekraftig utvikling er mobilisering av innbyggjarane slik at ein kan sikre aktiv deltaking, medansvar og medbestemmelse.

Omgrepet Lokal Agenda 21(LA21) vart til under FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro, der dei vedtok ein handlingsplan for det 21. århundre . FN peika ut verdas kommunar og lokalsamfunn til hovudaktørar i arbeidet med å oppnå ei berekraftig utvikling. Kommunane og lokalsamfunna sitt arbeid med dette vert kalla Lokal Agenda 21-prosessar. Ved å underteikne Fredrikstaderklæringa har Hornindal kommune forplikta seg til å gjere kommuneplanen til eit verktøy i arbeidet for ei berekraftig samfunnsutvikling.

2. ANALYSE OG UTFORDRINGAR

Dette kapitlet tek føre seg ulike fakta og utfordringar for Hornindalssamfunnet. Vi tek utgangspunkt i dei faktiske tilhøva når det gjeld folketal, livskvalitet, levekår, naturgrunnlaget og næringslivet. Dette dannar bakgrunnen for å sjå på mulegheitene og utfordringane framover.

HORNINDAL EIN GOD Plass Å LEVE?

Hornindal ønskjer som dei fleste andre kommunar å vere ein god stad å bu for folket i kommunen. Da må ein spørje seg om kva som gjer ein stad til ein god stad å bu.

I St.meld. nr. 34 (2000-2001)¹ kjem det fram at ein ikkje kan utelukke ein trend der folk ønskjer å kombinere rurale og urbane verdiar på nye måtar. Aktivt lokalmiljø, gode oppvekstvilkår for barn og eit godt nabolag er argument folk bruker som grunngeving for å busette seg på mindre stader. Dette vil krevje at ein er villige til å pendle og at det finst gode kommunikasjonar til regionale sentra, slik at ein kan kombinere det rurale og det urbane.

Val av bustad er i følgje regionalforskarar² eit samspel mellom staden sine eigenskapar og folk sine ønskje og krav til ”det gode liv”. Skal ein prøve å påverke folk sitt val av bustad, vil følgjande sju eigenskapar ved staden vere viktige:


- Sosialt miljø: den mellommenneskelege kontakta og omgang blant folk.
- Arbeidsplassar: tilbodet av arbeidsplassar i ulike næringar.
- Bustader: tilbod av bustader av ulike storleikar og standard.
- Tenestetilbod: offentleg og privat tenesteyting og kulturtilbod.
- Fysiske omgivnader: naturgjevne og menneskeskapte omgivnader.
- Regional tilgjenge: kommunikasjon til andre stader.
- Stadformidling: korleis staden vert presentert og opplevd.

Ulike grupper i eit samfunn har gjerne ulike oppfatningar av ”det gode liv”, derfor må ein ta omsyn til dei ulike gruppene sine behov og ønske. Dette er også utgangspunktet for denne analytiske delen av kommuneplanen. Vi tek utgangspunktet i dei kvantitative forholda omkring befolkninga i kommunen, før vi ser på forholda om det å leve og bu i Hornindal. Deretter tek vi for oss næringslivet, dei fysiske omgivnadene, før vi til slutt set Hornindal inn i eit regionalt perspektiv.


2.1 FOLKETALET

2.1.1 UTVIKLING OG FRAMSKRIVING AV FOLKETALET

Etter at Hornindal blei eigen kommune den 01.01.1977, auka folketalet fram til 1981 då ein fekk ein tilbakegang. I 1990 snudde tendensen og ein fekk ein auke fram til 1992, då folketalet gjekk tilbake igjen. Frå 1998 starta ein igjen på ein auke, men i løpet av 2000 vart talet redusert med 9 personar. Pr. 01.01.2001 er folketalet på 1218 innbyggjarar.



Figur 1 Utvikling av folketal. Kjelde SSB.



Figur 2 Fødselsoverskot, nettoinnflytting, tilvekst fram til 01.01.2001 Hornindal kommune. Tal frå fylkesstatistikk 2000.

Kommuneplanen som overordna styringsdokument skal definere mål for kommunen si utvikling og da treng ein oppfatningar av framtida. Statistisk sentralbyrå (SSB), utarbeider framskrivingar av folketalet i kommunane.

Slike framskrivingar tek utgangspunkt i ulike variablar si historiske og forventa utvikling.


For kommunar med eit så lite folketal som Hornindal vert feilmarginane store, noko som gjer framskrivingane usikre.

Vi har likevel tatt med ulike framskrivingsalternativ, slik at ein kan danne seg eit bilde av kva som kan skje med folketalet i

framtida. Framskrivingsalternativ MMMM er basert på middels nasjonal vekst av folketalet. MM00 som viser framskriving av folketalet basert på middels fruktbarheit og ingen flytting viser at Hornindal kan auke folketalet dersom ein kan påverke den negative flyttebalansen. Hornindal er dermed i ein heldig situasjon i forhold til mange andre distriktskommunar kor folketalet vil gå ned sjølv utan utflytting.

For Hornindal kommune sin del er det klart at kommunen står overfor store endringar med realisering av Kvivsvegen, utbygging i Kjøsområdet, endringar i landbruket og utvikling av turistnæringa. Desse endringane vil alle på kvar sin måte kunne påverke folketalet i kommunen.

Av fig.2 kan ein sjå kva som fører til nedgang eller auke i folketalet. Tabellen viser endringane som ligg til grunn for folketalet i dei nemnde årstala. Endringane skjedde året før. I heile perioden har ein hatt positivt fødselsoverskot. I 1991 og i 2000 hadde ein også positiv netto-innflytting noko som førte til ein god tilvekst, dette ser ein og av toppane i kurva for utvikling av folketalet. Dersom kommunen klarer å redusere den negative netto-innflyttinga, vil ein kunne få ei auke i folketalet som framskrivingsalternativ MM00. Dette er likevel ei nokså usannsynleg utvikling, fordi ein ikkje kan eller bør hindre utflytting av t.d. ungdom. For ungdom er det naturleg å flytte vekk frå heimkommunen for å ta utdanning og oppleve andre forhold for ein periode.



Figur 3 Framskriving av aldersgrupper. Kjelde SSB.


Skal ein kunne gjere noko med flyttebalansen må ein gjere det meir attraktivt for eventuelt utflytta ungdom å flytte tilbake til kommunen i ei seinare livsfase. Greier ein på sikt å redusere den negative flyttestrømmen og samtidig behalde dagens fødselsoverskot kan ein likevel hindre nedgang i folketalet som vert skissert i framskrivingsalternativ MMMM.

Utviklinga av fødselsoverskota berekna 1.1.2000 og 1.1.2001 er svært negativ og fører til ein tydeleg nedgang i folketalet. Årsaken til denne utviklinga kan ligge i svært høge dødstal aleine, eller ein kombinasjon av høge dødstal og lave fødselstal. Flyttebalansen hadde i den samme perioden ei positiv utvikling.


Det blir ofte snakka om eldrebølga og at ein må bu seg særskild til denne. For framskrivingsalternativ MMMM har vi framskriving av folkemengda delt på ulike aldersgrupper. Når det gjeld eldrebølga er det først og fremst aldersgruppene frå 67 år og oppover som er interessante. Det kan sjå ut til at det er nedgang i folketalet i dei eldste aldersgruppene fram mot 2020. I aldersgruppa 80-89 kan ein sjå at mengda går litt oppover fram mot 2010, men allereie i 2015 er ein ned i om lag same talet som ein har i dag. Alt i alt vil talet på eldre over 67 år ikkje endre seg i særleg grad, totalt vil talet i denne aldersgruppa bli redusert.

2.1.2 ALDERS- OG KJØNNSFORDELING

Aldersfordelinga i kommunen fortel oss om aldersspreinga i kommunen. Figur 4 viser at den yrkesaktive aldersgruppa sin del av befolkninga er på 54%.



Figur 4 Alderssamansetninga i kommunen 2000. Kjelde SSB.



Figur 5 Kjønnbalanse. Kjelde SSB.


Kjønnbalansen er spesielt interessant i enkelte aldersgrupper, dette er gruppa mellom 20 –39 år. I mange uttynningssamfunn har ein underskot på kvinner i denne aldersgruppa. Hornindal har underskot på kvinner i nesten alle aldersgrupper, dette er ein alvorleg situasjon med omsyn til utviklinga av folketalet i kommunen. Ei uttynning av talet på kvinner i fruktbar alder kan på sikt verke negativt inn på fødselsoverskotet.

2.1.3 HUSHALDNINGAR I HORNINDAL

Hushaldningsstruktur gir verdifull informasjon om storleik på familiane og bustadbehov. Er det ein tendens til at familiane blir stadig mindre eller at fleire ønskjer å leve aleine, må ein kanskje legge til rette for mindre husvære enn dei tradisjonelle einebustadene. Ved skilsmisser kan det vere økonomisk vanskeleg for begge partar å bu i einebustader. Det bør derfor vere tilgang på mindre husvære i kommunen slik at ein slepp å flytte vekk frå kommunen da dette også kan medføre at ein kjem lengre vekk frå eventuelle born.

Mange einslege eldre ønskjer å bu i eit lettstelt husvære nær sentrum, på sine eldre dagar. Statistikken skil mellom ektepar utan barn, einslege, ektepar med barn, sambuarar med felles barn, mor med barn og far med barn. Når det er snakk om barn i denne samanhengen er det barn under 19 år, eldre heimebuande barn vert rekna som einslege. Mor med barn og far med barn kan i realiteten vere sambuar, men utan at dei har felles barn. Sambuarar utan barn blir i statistikken rekna som einslege.

Ut i frå fig.6 er det mest små familiar i Hornindal, dei fleste er ektepar utan barn og dette kan omfatte eldre ektepar med vaksne barn. Til dei små familiene han ein og ta med mor/far med barn som kanskje lever aleine med eitt barn. At det er såpass mange små familiar gjer at det truleg kan vere eit visst behov for mindre husvære.



Figur 6 Hushaldningar i Hornindal. Fylkesstatistikk 2000

UTFORDRINGAR

- Unngå nedgang i folketalet.
- Auke innflyttinga.
- Oppretthalde eit positivt fødselsoverskot.
- Hindre at talet på 20-44 åringar går nedover- dette også vil påverke fødselsbalansen.
- Gjere kommunen meir attraktiv for kvinner slik at vi kan få balanse mellom talet på menn og kvinner på eit tidlegare tidspunkt.
- Auke tilgang på mindre husvære tilpassa dei ulike gruppene sine behov.

2.2 BU OG LEVE

Hornindal kommune ønskjer å profilere seg som ein kommune der det er godt å bu og leve. Da må vi ta utgangspunkt i kva faktorar som er viktige for at ulike grupper av befolkninga finn det attraktivt å bu i Hornindal kommune. Det blir ofte snakka om livskvalitet og levekår, og dette blir utgangspunktet når vi tek for oss temaet bu og leve. Kva krav har innbyggjarar i ulike fasar av livet til det å bu å leve?

Hornindal kommune har ikkje gjennomført noko eiga undersøking så ein vil måtte basere seg på ulik forskning og statistisk materiale. Gjennom fylkesstatistikken sin levekårsindeks og gjennom opplysningar om andre faktorar som til dels lønns- og utdanningsnivå i kommunen, kan vi likevel få ein indikasjon på tilhøva i kommunen

2.2.1 LIVSKVALITET OG LEVEKÅR I HORNINDAL.

Livskvalitet får stadig meir betydning for folk flest, enkelte stader i Noreg kan ein sjå at folk flyttar til utkantane nettopp på grunn av at slike stader kan tilby auka livskvalitet. Unge menneske med høgre utdanning, som har levd ein urban tilvære i storbyen finn ofte slike stader attraktive. Vågå kommune har greidd å fokusere og utvikle verdiar som gjer at dei har blitt attraktive i ein slik samanheng.

For Hornindal kommune er det viktig å kunne oppretthalde eller auke livskvaliteten for innbyggjarane, da må vi vere klar over kva vi legg i omgrepet livskvalitet. Livskvalitet kan vanskeleg målast, då oppfattning av livskvalitet er ulik frå person til person.

Thomas Hylland Eriksen³ tok for seg begrepet livskvalitet i tidsskriftet Samtiden:

Verdier det er vanlig å fremheve i vår tids norske samfunn som avgjørende for et godt og meningsfylt liv, er materiell trygghet, stabile familie og vennskapsforhold, meningsfylt arbeid, god helse, personlig frihet og interessante fritidsaktiviteter. Når vi skal sette vår livskvalitet på begrep, nevner vi gjerne en slik liste over faktorer.

Ein må ikkje gløyme at alle gruppene i samfunnet skal kunne oppnå ein god livskvalitet gjennom heile livsløpet. Også i Hornindal er samfunnet svært samansett og ulike grupper har behov for ulik grad av tilrettelegging for at dei skal få ein tilfreds livskvalitet gjennom sitt eige livsløp.

Materiell tryggleik – tyder ofte at ein har sikker inntekt, eigen bil og hus, eller leilegheit. Dette er element i samfunnet som mange ser på som ein sjølvstøtt ting, mens andre slit for å oppnå. Born som veks opp utan at foreldra har sikker inntekt som gjer at dei kan vere med på og langt på veg ha dei same tinga som venane, fell ofte utafør eit samfunn kor desse tinga er sjølvstøtte ting.

Hornindal kommune har eit lavt inntektsnivå i forhold til både fylket og landet for øvrig. Dette har truleg samanheng med type næringsliv i kommunen. Dette er eit forhold ein må take omsyn til i den kommunale planlegginga

	Hornindal	Fylket	Landet
Bruttoinntekt 1999	176 914	201 845	220 113
Menn	205 845	248 120	277 421
Kvinner	143 948	155 236	165 114

Tabell 1 Inntektsnivå Hornindal. Kjelde SSB.

For kommunen er det i ein slik samanheng viktig å hindre at familiar og einskilde personar kjem i ein situasjon der dei ikkje har mulegheit til å oppnå materiell tryggleik. Samtidig må vi unngå at samfunnet utviklar seg i ei slik retning at kravet til materielle goder aukar.

Viktige faktorar kan vere å minske behovet for privatbilisme, slik at færre familiar får behov for to bilar, halde tomteprisane på eit lavt nivå, likeins barnehageprisane. Syte for at foreldre ikkje vert belasta for aktivitetar i samband med skulen si undervisning. Det vert og viktig å syte for at det er tilstrekkeleg tilbod om bustader som passar til dei einskilde sine behov i ulike fasar av livet. Dei funksjonshemma må ha tilbod om eigen bustad på lik linje med andre i samfunnet.

Stabile familie og vennskapsforhold – dette heng i mange tilfelle saman med det som er nemnd ovanfor om materiell tryggleik. Mange familiar vert splitta på grunn av dårleg økonomi. Ofte kan det vere vanskeleg å oppnå stabile familie og vennskapsband dersom ein manglar den materielle tryggleiken.

For grupper som manglar familie eller har vanskar med å etablere varige vennskapsband på eiga hand, må kommunen legge til rette for at det vert etablert møteplassar der folk i ulike aldrar og situasjonar kan møtast. For mange kan det vere behov for støttekontakt, også funksjonshemma har behov for nettverk og vennskap.

Meiningsfylt arbeid – handlar svært ofte om å føle at ein gjer noko til nytte for andre samtidig som ein får høve til personleg utvikling. Dette må gjelde for alle grupper i samfunnet

I Hornindal har vi omtrent ikkje arbeidsløyse, men det er viktig å vere klar over grupper som dei funksjonshemma og andre, som har problem med å delta i det ordinære arbeidsmarknaden, også må ha tilbod om eit meiningsfylt arbeid.

Raske endringar i samfunnet kan gjere sitt til at arbeidsmarknaden endrar seg raskt, då må kommunen vere føre var og finne alternativ eller gjere det enklare å pendle, slik at ein framleis kan bu i Hornindal. Det må vere tilbod om barnehageplassar som stettar folk sine behov. Det må også eksistere tilbod om kollektivtransport slik at ein kan redusere transportutgifter for den einskilde og for samfunnet. God kommunikasjon innafor og utafør regionen kan vere viktig ikkje berre for arbeidstakarar, men og for næringslivet og deira sjanse til å utvikle seg.

God helse –er kanskje den viktigaste verdien for mange, og særleg for dei eldre. Å leve lenge blir sett på som eit mål i seg sjølv, ved at ein reknar med at svært gamle menneske må ha hatt eit godt liv. Å ha eit godt utbygd helsevesen er ein av grunnsteinane i velferdsamfunnet.

Personleg fridom – handler om å ha fridom til sjølv å bestemme over sitt eige liv. I dette ligg at alle må ha høve til å planleggje si eiga framtid.

Interessante fritidsaktivitetar - vårt samfunn er organisert slik at vi har ei fritid som vi kan fylle etter eigne ønske. I denne fritida kan ein bruke til ulike organiserte og uorganiserte aktivitetar, det er derfor viktig at desse aktivitetane vert tilgjengeleg for alle grupper i samfunnet og at tilbodet speglar behovet.

Det er vanskeleg å definere om innbyggjarane i Hornindal har god livskvalitet , fordi dette er subjektive oppfatningar om ulike verdier. Likevel kan levekårsindikatorar vere eit mål på livskvalitet i og med at ein tendens til dårleg opplevd livskvalitet vil vise seg i det statistiske materiale som er grunnlaget for levekårsundersøkingar.

LEVEKÅR I HORNINDAL

Indikatorar for levekår går meir på målbare forhold, slik som sosialhjelpstilfelle, forventa levealder, uførepensjonistar, attføringspengetilfelle, valdskriminalitet, arbeidsløyse og personar på overgangsstonad (Indikatorar brukt av SSB).

Ut i frå levekårsfaktorane vert kommunane målt opp mot kvarandre. Levekårsundersøkingar heng på ein måte saman med den subjektivt oppfatta livskvaliteten, ved at levekårsindikatorane seier noko om forholdet mellom dei to. Dersom livskvaliteten er forringa for enkelte grupper, vil det kunne syne igjen på levekårsindikatorar og omvendt.

Ein låg forventa levealder kan til dels indikere at forholda for dei eldre med omsyn til for eksempel førebyggjande helsearbeid ikkje har vore tilstrekkeleg.

Statistisk sentralbyrå har laga ein indeks for levekårsproblem der dei har rangert kommunane i 10 like store grupper innafor kvar indikator. Hornindal har ein levekårsindeks på 1,7, det vil seie at dei tilhøyrer dei 10,7 prosent av kommunane som har lågast verdi på indeksen for levekårsproblem. Ut i frå desse tala kan ein seie at folk i Hornindal generelt sett har gode levekår. Det må da vere ei sjølvfølgje å fortsette same linje og syte for at denne situasjonen held seg stabil.

2.2.2 KULTURLIV OG FRITIDSAKTIVITETAR.

Kulturtilbodet er som tidlegare nemnd viktig med folk sine tankar omkring ”det gode liv”. Skal Hornindal framleis vere ein god plass for folk å bu og som gir dei mulegheit til ein god livskvalitet, må kulturlivet avspegle behovet for alle gruppene i samfunnet. Gode tilbod har mykje å seie for trivsel i eit samfunn, og er dessutan avgjerande for å skape ei lokal identitetskjennele. Eit godt samspel mellom det offentlege på den eine sida og det private på den andre sida vil gje det beste resultatet.

Hornindal har etter innbyggjartalet eit rikt og variert kulturliv. Ein kan dele dei ulike lag- og organisasjonsaktivitetane i ulike grupper.

Idretts- og skyttarakivitatar
 Det frilynde ungdomsarbeidet
 Song- og musikkaktivitatar
 Sosialt og humanitært arbeid
 Lag knytte til spesielle interesser/aktivitatar.
 Kyrkjelege aktivitatar
 Fagorganisasjonar
 Partipolitiske organisasjonar

Hornindal er utafor kommunen kjent som ein stad der tradisjonell kultur er høgst levande og velutvikla. Folkemusikktradisjonen står spesielt sterkt i Hornindal, noko som også er synleg utafor kommunen, både regionalt og nasjonalt. Gjennom opplæring av barn får ein formidla kulturarven og sikra at den ikkje vert gløymd.

Kulturminner og kulturmiljø er viktige kvalitetar i omgivnadene og plasserer dagens samfunn i ei historisk utvikling. Dette er forhold som har mykje å seie for identiteten til staden og banda til dei komande generasjonane.

Svormuseet er unik i regional samanheng og har eit potensiale som kan utnyttast meir.

Huset Vårt og nærmiljøsentralen er tydelege teikn på engasjement blant folk

2.2.3 UNGDOM

For ungdom spesielt har det vore gjennomført ei rekkje undersøkingar om kva dei saknar med heimstaden sin, og svært høgt oppe kjem ønske om ein stad å treffast. Ikkje all ungdom ønskjer å delta i lag og organisasjonsverksemd, derfor er det viktig å etablere meir uformelle møtestader for ungdom. Ungdomsklubben er ein slik møteplass, men vi bør også legge til rette for naturlege møtestader utandørs.

Barn og ungdom er ei svært viktig gruppe i samfunnet, det er likevel ei kjennsgjerning at mange ungdommar etterkvart finn det naturleg å flytte vekk frå heimkommunen for å ta utdanning og oppleve andre forhold. For mange kommunar fører dette til at ein del ungdom ikkje finn det attraktivt å kome tilbake. Hornindal har også eit slikt problem dette er noko ein ser av fig.2 som viser ein negativ flyttebalanse over fleire år. Fig. 5 over kjønnsbalansen tyder dessutan på at det er stor grad av kvinner som reiser vekk.

Sjølv om ikkje Hornindal har vedvarande nedgang i folketalet kan det vere viktig å vere oppmerksame på problemet. Framskrivingsalternativ MMMM viser ein dramatisk og vedvarande nedgang i folketalet. Det andre framskrivingsalternativet viser ein auke i folketalet, men dette er om ein har flyttebalanse. Dette gir kommunen ei utfordring i å redusere den negative flyttebalansen og auke fødselsoverskotet.

Når dette vert tatt opp i samband med satsing på ungdom er det fordi det er denne gruppa som i størst grad påverkar flyttetala. Kommunal og regionaldepartementet si utkantsatsing viser gjennom erfaringar frå ei rekkje pilotkommunar at det må satsast i forhold til ungdom i ulike situasjonar.

Ein må ta tak i barn og unge på eit tidleg tidspunkt for å auke tilhørgheit og deltaking i samfunnet. Å ha eit variert tilbod om organiserte og uorganiserte fritidsaktivitetar er ein strategi, samtidig bør ungdom få sjanse til å delta i utviklinga av samfunnet sitt, dette kan gjerast gjennom ungdomsråd.


Når ungdommen har flytta er det viktig å halde kontakten i den perioden dei er borte, mange stader blir det halde tilstellingar som sommarfestivalar, julesamankomst m.m., men enkelte kommunar prøvar å opprette sommarjobbsentralar slik at ungdommen kan få sommarjobb i heimkommunen.

UTFORDRINGAR:


- Gi alle muligheit til livskvalitet på eigne premiss.
- Motverke aukande vekt på materialisme.
- Oppretthalde eit godt utbygd helsevesen.
- Oppretthalde eit godt og variert kultur- og fritidstilbod basert på lokal kultur og individuelle behov.
- Utvikle naturlege og uformelle møteplassar for ungdom.
- Auke lokalt engasjement blant ungdom.
- Auke tilgangen til mindre husvere, tilpassa familiestrukturen i kommunen.
- Gjere kommunen attraktiv å kome tilbake til.

2.3 ARBEID OG NÆRINGS LIV

2.3.1 NÆRINGS LIVET I HORNINDAL



Figur 7 Næringsliv pr. 31.12.99. Kjelde fylkesstatistikk 2000



Figur 8 Næringsliv i Hornindal samanlikna med fylket. Fylkesstatistikk 2000.

Næringslivet i Hornindal i stor grad er prega av primærnæringar og industri, med liten grad av privat tenesteyting. Når vi samanliknar Hornindal og fylket ser vi at Hornindal også er klart meir prega av primær- og sekundærnæringar enn kva dei er i resten av fylket.

Næringslivet i Hornindal ligg lengre tilbake i forhold til utviklinga mot eit samfunn prega av tenesteytande næringar. Med ein så stor del av næringslivet tilknytt primærnæringane, vil Hornindal kommune vere svært sårbare overfor den til ei kvar tid gjeldande landbrukspolitikken og dei statlege overføringane.

Landbruksnæringa er prega av aukande dyretal og reduksjon av tal bruk. Det er om lag 9 heiltidsbruk der ein har heile inntekta basert på garden.

Industrien i kommunen er kjenneteikna av ei stor og dominerande bedrift, samt ein del små lokale initiativ som har resultert i industrielle foretak starta opp som små kjellarbedrifter. Gjennom tilrettelegging i form av lokalitetar og industriområde kan kommunen vere med på å støtte entreprenørskapen i kommunen.

2.3.2 UTDANNINGSNIVÅ

91,8 % av 16 – 18 åringane i Hornindal tek vidaregåande opplæring, dette er litt over landsgjennomsnittet. Det er flest jenter som tek vidaregåande opplæring.

Det er få i Hornindal som har høgare utdanning, i 1999 var det berre 13 % som hadde slik utdanning mot 17,3 % i Sogn og Fjordane og 21,5 % i heile landet. Også her er det jentene i større grad enn gutane som har høgare utdanning. For gutane i Hornindal er andelen med høgare utdanning halvparten av kva den er i resten av landet. Av jentene i kommunen har 14,9 % høgare utdanning mens talet i resten av landet er 21,1 %.

Om det er få i Hornindal som har høgare utdanning er derimot arbeidsløysa omtrent fråverande, det kan dermed synast som det er samsvar mellom arbeidsmarknad og utdanningsnivå. Når ein så stor del av innbyggjarane berre har vidaregåande opplæring og det samtidig ikkje er arbeidsløysa tyder det på at ein greier seg godt utan høgare utdanning i kommunen. Spørsmålet blir likevel om dei unge som flytta vekk for å ta utdanning finn det attraktivt å kome tilbake, når arbeidsmarknaden i kommunen ikkje synast å ha behov for høgare utdanning.

2.3.3 PENDLING

Hornindal si plassering gjer det muleg å pendle i mange retningar innafor ei tidsramme på 30 minutt. Kvivsvegen vil også opne for ein større arbeidsmarknadsregion for folk som bur i kommunen, samtidig som næringslivet får tilgang på meir arbeidskraft, med variert kompetanse. Dette kan vere med på å gjere staden meir attraktiv for utflytta ungdom med høgare utdanning.

2.3.4 UTVIKLING AV NÆRINGSLIVET I HORNINDAL

Kva må til for at ein skal få eit blomstrande næringsliv i kommunen. I kor stor grad kan den kommunale politikk og prioriteringar påverke næringsutvikling?

Ein må ha full kunnskap om næringslivet i kommunen og kanskje resten av regionen for å vite kva slags strategi ein kan leggje for å auke næringsutviklinga. Næringslivet i dei enkelte kommunane heng ofte saman og ein kan ikkje utelukke denne samanhengen i arbeidet med utvikling av næringslivet lokalt.

Dersom eit samfunn dominert av primærnæringar og einsidig industri skal utvikle næringslivet vidare, er det mykje som tyder på at ein må tenke på å utvikle eit heilskapleg samfunn, som gjer samfunnet til ein god stad å bu, dette vil auke behovet for privat tenesteyting.

Undersøkingar gjort av Jan Evert Nilsson⁴ viser ein klar samanheng mellom attraktive livsmiljø og lokalisering av næringslivet sin produksjon. Dette har samanheng med industrien sin gradvise

frikobling frå kravet om nærleik til råvarer. Dette viser seg også i den største industribedrifta i kommunen som produserer trevarer til møbelindustrien. Bortimot alt trevirke blir importert, og det er tilgang på god arbeidskraft som gjer at verksemda framleis finn det attraktivt å ha produksjonen i Hornindal.

Humankapitalen får stadig meir betydning for industrilokalisering noe som dermed fører med seg at bumiljø ofte er meir avgjerande for lokalisering av industri.

Svært liten del av næringslivet i kommunen krev kompetanse med høgare utdanning. Dette vil vere med på å gjere det vanskelegare for dei utflytta med høgare utdanning å kome tilbake.

Hornindal kommune kan skildrast som ein kommune med stor grad av industriell verksemd som opprinneleg var knytt opp mot naturressursane. I slike næringsseinsidige lokalsamfunn med ein stor dominerande arbeidsplass er det ofte slik at ein utviklar ein svak kultur for sjølvberande utvikling.

Hornindal har ikkje noko problem med arbeidsløyse, men dersom det skal arbeidast for å vidareutvikle næringslivet i kommunen, har kommunen mulegheit til å legge til rette for at her kan skje næringsutvikling. For eksempel gjennom betring av infrastruktur som vegar, IKT løysingar, industribygg og industriområde etc. Gjennom ein slik strategi har kommunen svak kontroll over om det vil skje utvikling og nyetableringar, men ein er førebudd. Imidlertid må det nødvendigvis vere semje om målet for slik tilrettelegging. Dette handlar om å gjere seg attraktiv for aktuelle etablerarar. Gjennom selektive støtteordningar som næringsfond o.l kan ein stimulere enkelttiltak

Å satse på nye næringar innafor landbruksnæringa, kan krevje at ein mobiliserer aktuelle aktører slik som grunneigarar eller andre som er interessert i å satse på næringa. Dersom ein ikkje klarer å mobilisere aktuelle aktører vil ein ikkje få til den ønska utviklinga.

I st.meld. 34 slår ein fast at det for næringsutviklinga i eit område er heilt avgjerande kva tilgang ein har på entreprenørar som kan setje i gang foretak. For å auke entreprenørskapen må ein stimulere både talet og mangfaldet på nye etableringar. Ei rekkje faktorar, aktørar og ulike rammebetingelsar er med på å påverke entreprenørskapen. Den eksisterande næringsstruktur har ein tendens til å reprodusere seg sjølv. Det er dei ressursane som eksisterer i eit område, slik som menneske, kompetanse, kultur og næringsverksemd som er dei viktigaste avgjerande faktorene for entreprenørskap. For Hornindal kommune er det desse ressursane vi må gjere noko med om ein ønskjer meir entreprenørskap.

STRATEGIAR I NÆRINGSPLANEN:

Gjennom arbeidet med næringsplanen kom vi fram til følgjande strategiar for dei komande fem åra:

- Utvikle kunnskapsnettverk
- Marknadsføre Hornindal som kvalitetskommune
- Satse på ungdom og kvinner
- Tilrettelegging for nyetablering og styrking av næringslivet
- Utvide reiselivstilbodet
- Take vare på og utnytte kulturarv og tradisjonar
- Betre kommunikasjonane
- Sentrumsutvikling

2.3.4 GLOBALISERING OG REGIONALISERING.

Globalisering av næringslivet gjer at dei i aukande grad er knytt saman med omverda.

Næringslivet sin produksjon blir meir og globalisert ved at foretak i mange land, gjennom deltaking i leverandørnettverk, bidreg til å ferdigstille sluttprodukta.

Ekornes er ei bedrift som konkurrerer på verdensmarkedet med sine produkt. Såleis er også industrien i Hornindal avhengig av internasjonale trendar. I st.meld 34 vert følgjande sagt om forholdet mellom globalisering og regionalisering:

Globaliseringen og den raske teknologiske utviklingen innebærer at bedrifter i større grad enn før må konkurrere på andre faktorer enn rene produksjonskostnader. Regionalforskning viser at ett av svarene på globaliseringsutfordringene synes og finnes både i regionale og lokale løsninger. Regionene ser ut til å spille en viktigere rolle i en stadig mer globalisert verden. Flere studier fra de siste årene viser at nyskapingen og jobbskapingen er større i regionale verdiskapingsmiljøer. I følge STEP-gruppen kjennetegnes et sterkt verdiskapingsmiljø [\[20\]](#) av følgende tre hovedfaktorer;

- *For det første* er det kjennetegnet av at det innenfor et mindre geografisk område finnes relativt mange bedrifter og arbeidsplasser innen noen bestemte næringer. Dynamikken og nyskapingen i området er dermed ofte konsentrert til noen bestemte næringssektorer, der det over lang tid er opparbeidet betydelig lokal kompetanse.
- *For det andre* danner bedriftene lokale nettverk. Dvs at det er et betydelig samarbeid mellom disse bedriftene også om innovativ aktivitet. Samarbeid kan skje både vertikalt og horisontalt i produksjonskjeden. Det er med andre ord ikke nok at aktørene er tilstede i et område. Det må være et utstrakt gjensidig samarbeid mellom aktørene.
- *For det tredje* kjennetegnes vellykkede regionale næringsmiljøer av at de omkranses av og er i dialog med regionale kunnskapsorganisasjoner som ligger i området, eller i det minste at

UTFORDRINGER:

- Vidareutvikle og auke lønnsemda i landbruksnæringa.
- Utvikle ein meir variert arbeidsmarknad med omsyn til kompetansekrav.
- Gjere Hornindal meir attraktiv som bukommune, slik at det vert eit betre grunnlag for auka privat tenesteyting.
- Utvikle næringar innafor privat tenesteyting og turisme.
- Betre kommunikasjonane gjennom Kvivsvegen, RV 60 og breidbandutbygging.

2.4 NATURRESSURSAR OG MILJØ

Rike kultur- og landbruksområde, vassdraga og fjellet pregar naturgrunnlaget i kommunen. Tettstaden Grodås er kommunesenteret og her finn vi det meste av sentrumsfunksjonane og bustadbebyggelsen. Bygdene omkring består av landbruksområde med spreidd bustadbygging og enkelte mindre bustadfelt. I nokre av bygdene finn vi enkelte mindre byggefelt. Hornindal har store utmarksressursar med utviklingspotensiale, og det er truleg at vi vil få press på utnytting av desse areala, som tilleggsnæring for landbruksnæringa med stadig behov for å finne nye innteningsmåtar. Kjøsområdet er eit viktig trafikknutepunkt, fleire private interessantar har planar for området. Kommunen har sikra seg eit område til bustadbygging.

2.4.1 KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL:

Kommuneplanen har eit langsiktig perspektiv, hensikta med arealdelen er å ha ein oversiktsplan som ser heile arealet i kommunen i samanheng. Jfr. Plan- og bygningslovens § 20-4, skal arealdelen der det er nødvendig, omfatte:

1. Byggeområde
2. Landbruks-, natur- og friluftsområde
3. Område for råstoffutvinning
4. andre område som er bandlagt eller som skal bandleggast
5. Område for særskild bruk eller vern av sjø og vassdrag
6. Viktige ledd i kommunikasjonssystemet

Arealdelen skal legge føresetnader for detaljplanlegginga ved å sette krav om reguleringsplan eller bebyggelsesplan før utbygging kan skje. Det er gjennom oversiktsplanlegginga ein avgjer kva areal som kan nyttast til dei ulike føremåla. Slik sikrar ein kvalitet på arealbruken i forhold til sentrale retningslinjer.

Det er høve til å gi dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, men dispensasjonspraksisen skal ikkje styre arealbruken i kommunen. Enkeltståande reguleringsplanar basert på dispensasjon frå kommuneplanen gjer at vi får manglande styring med arealbruken. I slike tilfelle blir det behandling av enkeltsaker som styrer arealbruken og ikkje oversiktsplanlegginga.

2.4.2 AREALBRUK

Jordvernet og grunneigarinteressane har vore sterke og avgjerande for lokalisering av industri, offentlege bygg og byggefelt. Dette har ført til at sentrumsfunksjonar ligg langt frå kvarandre, strandlina er nedbygd og miljøkvalitetar har ikkje blitt prioriterte. Bustadområda langs sentrum er plassert i beite- og skogsområde, sentrumsfunksjonane ligg ved strandlinja, dette gjer at ein får ei sone mellom sentrum og bustadområde med jordbruksareal. Dersom ein skal ta sikte på å utvikle

Hornindal med Grodås som ein attraktiv tettstad bør heile området mellom sentrum og byggefelta Nyland og Kirkhornsbakkane nyttast til byggeområde, då kan ein vidareutvikle sentrum innafor eit avgrensa område i staden for å dra sentrum ut langs strandlinja. Ein vil også kunne planleggje framtidig bustadbygging i denne sona. Tettstaden vert meir kompakt og vi kan lette tilgjenge ved at fleire bur nær sentrum, slik at dei ikkje vert avhengig av bil til å frå sentrumsfunksjonane.

2.4.3 BUSTADBYGGING OG BUSTADOMRÅDE

I kommuneplanen for 1990-2000 ble det rekna ut at behovet for bustader var på 5 bustader pr. år. Tabell 2 syner registrert bustadbygging frå 1995 – 1999.

Hornindal	1995	1996	1997	1998	1999
Antal ferdigbygde bustader	2	5	1	5	3

Tabell 2 Ferdigbygde bustader i Hornindal.

I 1990 var det ca. 400 bustader inkludert sokkelleilegheiter i kommunen, i 2001 er det ca. 440 bustader i Hornindal. I dei kommunale byggefelta er det 20 ledige tomter.

Ikkje alle ønskjer å bygge i sentrum, då er det viktig at her blir lagt til rette med område for spreidd bygging utafor sentrum.

I Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging blir det blant anna lagt vekt på å samordne utbyggingsmønsteret og transportsystemet slik at ein reduserer transportbehovet og avstandane til daglege gjeremål. Ein skal strekke seg etter å ha klare grenser mellom utbygde område og landbruks-, natur og friluftsområde, gjennom å samle naturinngrepa.

For kommunar i utkantane som har ønske om å auke eller hindre reduksjon av folketallet, gjennom å trekke til seg dei som tidlegare har flytta ut frå kommunen, prøver ein gjerne å legge til rette for spreidd bustadbygging også utafor sentrum. Utkantkommunane står mellom statlege krav om å konsentrere utbygginga for å unngå uheldige konsekvensar for miljø og samfunn, og behov for å legge ut tomter som kan verke attraktive for eventuelle tilflyttarar. Dette må gjerast i kommuneplanen sin arealdel på ein slik måte at ein unngår usamanhengande oppstykking av landbruksområda, som også ofte fører til behov for dyre infrastrukturtiltak.


Kommuneplanen sin arealdel må legge opp til avgrensa område for spreidd bustadbygging utafor sentrum, der det blir teke omsyn til landbruks-, natur- og friluftsområde. Ein må finne område der ein kan nytte eksisterande løysingar for vatn, avløp og veg. Det kan bli konflikt mellom kravet om å redusere transportbehovet og å bygge ut attraktive bustadområde. I Hornindal har Kjøsområdet blitt peika ut som aktuelt område for bustadbygging, på grunn av beliggenheita i eit naturskjønt område, samtidig som det ligg strategisk til i forhold til Eid og Stryn med gode høve til pendling.

I Hornindal er dei fleste arbeidsplassar og offentlege institusjonar samt kommunale byggefelt innafor ein akseptabel gå og sykkelavstand. Ved å legge til rette i form av gang og sykkelveggar kan stadig fleire få gode mulegheiter til å bruke sykkel til jobb og skule. Slik kan ein avgrense forureinande privatbilisme i Hornindal. Dette er også eit poeng ein bør legge vekt på ved

planlegging av nye utbyggingsområde.

2.4.4 LANDBRUK OG LANDBRUKSAREAL

Jordbruket i Hornindal er i all hovudsak mjølk- og grasproduksjon basert på gras/grovfôr og kraftfôr. Jordbrukarane rår over om lag 8.400 daa. dyrka jord.



Figur 9 dyretal og bruk av areal.

Talet på sauer har gått litt opp og talet på mjølkekyr har gått ned siste året.. Produksjonen av oksar i Hornindal har auka noko sidan 1995. Jordbruket har såleis ikkje hatt nokon markant tilbakegang i Hornindal dei siste åra. Dette er i tilfelle trass i at lønsemda innafor næringa har hatt ei svak/negativ utvikling. Skal landbruk halde fram med å vere ei viktig næring, for Hornindal, så må truleg enten lønsemda i "tradisjonelt jordbruk" betre seg, eller så må gardsbruka legge om til ulike former for nisjeproduksjonar/attåttnæringar som kan gje dei eit betre utkome enn tradisjonelt jordbruk. Skogen er ein monaleg ressurs for landbruket, men også skogbruket slit med svak lønsemd. Skogen kan truleg utnyttast meir enn i dag.

JORDVERN

Den måten ein disponerer areala på i planperioden vil ha konsekvensar for Hornindal i lang tid

framover.

Nasjonal landbrukspolitikk legg opp til stadig større brukseiningar. Her i kommunen syner dette seg ved at ein har ein tendens til at det er ønskje om å dele opp mindre gardsbruk, slik at jorda blir lagt til eit anna bruk ,og sjølve tunområda blir delt frå og seld. Dette er ein praksis som kan gi fleire konsekvensar. At dei gjenverande bruka blir større gir eit betre driftsgrunnlag for nokre få. Imidlertid er det usikkert om interessa for å kjøpe tunområde er særleg stor. Ein kan risikere at tuna blir stående tomme, eller fungere som feriehus. Dette vil føre til at det blir stadig større avstand mellom hus der det bur folk. Blir det attraktivt for den yngre generasjon å ta over gardsbruka, dersom ein ikkje har att naboar?

BIOLOGISK MANGFALD

Topografien og klimaet i Hornindal gjer sitt til at det er lite registreringar av artar og naturtyper, som er verdifulle for det biologisk mangfaldet. Når det gjeld kulturlandskapet har ikkje dette vore vurdert særskild, og det kan vere at dette bør kartleggjast nærare.

KULTURLANDSKAP

Kulturlandskapet fortel oss om korleis folk har brukt naturgrunnlaget for å overleve under ulike samfunnsforhold. Kulturlandskapet er harmoniske innslag i landskapet, både i dei stor formene og i dei nære detaljane, og dei skapar gode omgivnader for friluftsliv og rekreasjon. Kulturlandskapet er eit svært viktig for staden sin identitet, og fortel både tilreisande og forbipasserande om staden si historie og utvikling. Eit godt halde kulturlandskap er eit kvalitetsstempel som er med på å gjere staden attraktiv for både turistar og eventuelle tilflyttarar. Det bør takast omsyn til kulturlandskapet sine kvalitetar når det er snakk om inngrep i slike område.

2.4.5 FRILUFTSLIV OG FRILUFTSOMRÅDE

Mulegheitene for friluftsliv er mange i Hornindal. Dette utgjer eit potensiale i høve til å gjere Hornindal meir attraktiv for dei fastbuande, samtidig ein kan trekke til seg turistar, som også finn slike tilbod attraktive. I fleire undersøkingar som er gjort i forhold til om kva ungdom og kvinner ser på som positive trekk ved heimekommunen er nettopp friluftsliv ofte nemnt.

Aktuelle område for friluftsliv må sikrast mot utbygging, og tilkomsten til friluftsområda må vere tilgjengeleg for alle, også funksjonshemma. Det bør leggjast til rette for at det er muleg å nytte seg av friluftsområde utan bruk av forureinande privatbilisme.

Ein må syte for ein god overgang mellom naturlandskap og bebyggelse, samtidig som ein prøver å knyte saman og avgrense utbygde og ubebygde område. Det er også viktig å utbetre dei grønne områda innafor utbygde område sjølv om ein har natur nok på alle kantar.

2.4.6 VASSDRAG - VASSDRAGSPLANLEGGING

Hornindalsvatnet med tilhøyrande vassdrag har stor verdi som naturoppleving, og er eit dominerande landskapselement. Hornindalsvatnet er Europas djupaste innsjø og blir i sommarhalvåret flittig brukt til bading, fising og båttrafikk.

Hornindalsvatnet har såleis ein fleirbruksverdi, som det er muleg å utvikle vidare. Strandlinja har vore lite påakta i tidlegare tider, noko som utbygginga i sentrum syner. Erfaring frå andre stader syner at tiltak som er med på å gjere strandlinja vakrere og meir tilgjengeleg for folk flest, er med på å auke tettstaden sin kvalitet. Med Kvivsvegen vil ein få auka gjennomgangstrafikk, ei viktig utfordring blir å få folk til å stoppe nettopp her i Hornindal. Å auke tilgjenge til eit freistande strandhogg, kan vere det som gjer at folk stoppar her i staden for andre stader.

ENERGI

Forbruket av elektrisk energi har aldri vor så høgt som det er no. Auka bruk av energi i industrien, mykje bruk av elektriske artiklar, og større krav til velvære og godt oppvarma hus, vil ein dag føre til at det ikkje produserast nok elektrisk kraft for å dekke behovet.

Prisen på elektrisk kraft har auka formidabelt den siste tida, dels frå statleg hald for å redusere forbruket og dels fordi ein nedbørsfattig og kald vinter har ført til auka import av elektrisk energi. Det vert også stilt strengare krav til forureining i tida framover, og miljøvennlege energikjelder vert truleg honorert på ein eller anna måte. Dei sentrale styresmaktene kjem stadig vekk med nye forskrifter og krav til nytenking. I stortingsmelding nr 29 1999 melder regjeringa at kommunane, i samarbeid med energiverka, må spele ei større rolle i energipolitikken enn i dag.

Å satse på alternativ energi kan vere ein aktuell strategi med omsyn til dagens energisituasjon. Å vere tidleg ute når det gjeld satsing på alternativ energi kan ha både positive og negative sider. Om vi greier å få til gode ordningar når det gjeld energi og energiforsyning, kan det bidra til at vi kan halde folketalet opp og bygda levande. Hornindal kommune bør kunne profilere seg som ei miljø- og energibevisst kommune som appellerer til yngre folk. Kanskje er det ein ide å gå føre med eit godt eksempel, og vere ei føregangskommune i Nordfjord.

Alternativ energi er utnytting av ulike fornybare energikjelder, som kan nyttast i ei varmepumpe som utnyttar vekselvarme, denne forma for energi har eit stort utviklingspotensiale. Med forholdsvis små midlar og liten installasjon kan ein utnytte spillvarme frå jord, vatn, luft eller t.d. gjødselkjellar, og redusere energiforbruket vesentleg.

Vasskraft er ein naturleg ressurs som vi kan utnytte betre. Fleire stader i kommunen burde det ligge til rette for mini- og mikrokraftverk. Det vil kunne utnytte energien i nærområdet, og forsyne eit gardsbruk eller fleire med den krafta dei treng. Dett utan at det vert stygge naturinngrep, då ein nyttar ein bekk eller liknande og byggar berre eit lite generatorhus med storleik som eit kvernhus.

Hornindalsvassdraget sin vernestatus set likevel begrensningar, dette må utredast nærare for å klargjere potensiale og mulegheit for slike kraftverk.

Solcelleanlegg bør også kunne nyttast meir. For å unngå at setrevangane blir forsynt med straum, bør ein oppmode hytteeigarar om å nytte slike anlegg. Straumforsyningslinjer øydelegg naturen og skjemma freden, roen og det naturlege.

Energiøkonomisering(ENØK) er også eit viktig stikkord for framtida. Kommunen bør oppfordre innbyggjarane til å setje i verk enøk-tiltak. Ein må forsøke å styrke samarbeidet mellom kommune og det lokale energiverket, slik at ein kan sikre felles planlegging, samt å få ut viktig informasjon til mellom anna dei som søker kommunen om byggetillatelse.

For å få folk til å vakne og tenkje nytt kan det vere naudsynt at kommunen går føre med eit godt eksempel. Ved eigne bygg og anlegg bør alternative energikjelder vektleggjast, og ein bør tenkje energiøkonomisering. Kommunen bør drive eit aktivt haldningsskapande og opplysende arbeid når det gjeld alternative enegikjelder.

2.4.7 STØRRE TILTAK /PROSJEKT SOM VIL PÅVERKE AREALBRUKEN

KVIVSVEGEN

Kvivsvegen er det enkeltstående prosjektet som vil ha størst betydning for utviklinga av Hornindalssamfunnet. Kvivsvegen vil gjere at Hornindal blir ein stad langs ei viktig ferdselsåre. Dette gir store mulegheiter men også ein del utfordringar og konsekvensar som ein må ta på alvor.

Konsekvensane som er direkte knytt til Kvivsvegen sitt nærområde og arealbruk blir vurdert i kommunedelplan for Kvivsvegen. Kvivsvegen sin betydning for Hornindalssamfunnet blir tatt opp under temaet regionar og kommunikasjon.

KJØSOMRÅDET

Kjøer er i dag eit viktig trafikkknutepunkt, og vil med realiseringa av Kvivsvegen få ein stadig viktigare posisjon. Det er også andre faktorar som gjer Kjøer attraktiv, naturkvalitetane har allereie ført til ein del hyttebygging langs Kjøspollen, og det finst planer om bustadfelt, turistanlegg og transportrelatert næringsetablering. Det at området er attraktivt for ein del type utbygging krev god planlegging og ein bør tenke konsekvensar på lang sikt, både for natur, miljø og samfunn.

Kommunen har eit området som i forrige kommuneplan vart planlagt som bebyggelsesområde, dette er det tankar om å nytte til bustadfelt. Mange ser på det naturskjønne området som svært attraktivt for bustadbygging.

Området ligg eit stykke utafor kommunesenteret kor ein finn alle offentlege og private tenestar. Dette set krav om ei gjennomtenkt planlegging der ein må vurdere behovet for å tilby tenestar som t.d. skule og barnehage etterkvart som området vert bygd ut. Kjøs som allereie i dag er eit trafikknutepunkt har ei attraktiv beliggenheit i forhold til å pendle til Stryn og Eid.

Om ein ser for seg at dei som vel å busette seg i Kjøs skal nytte seg av tenestar i kommunesenteret vil ei slik lokalisering medføre auka privatbilisme.

Som trafikknutepunkt er Kjøs også aktuell for ulike næringsinteresser. Her må ein ta omsyn til dei andre aktivitetane i området. Området har allereie ein god del hytter og bustader. Når det no er snakk om å etablere eit nytt bustadfelt, krev det god planlegging å plassere areal for næringsinteresser. I forhold til Kjøs som attraktivt buområde kan støyande verksemdar få negativ påverknad. Likeså vil det visuelle uttrykket til ei eventuell næringsverksemd ha mykje å seie for området som attraktivt hytteområde. Verksemd som tek omsyn til desse forholda, og som i tillegg kan vere serviceanlegg for dei som bur i området vil truleg egne seg bra. Anna næringsverksemd vil også kunne etablere seg dersom dei fysiske forholda tilseier slik aktivitet, utan at det vert for stor ulempe for Kjøs som attraktivt buområde.

SETERDALANE

Karen Monnet har laga ei seterdalsanalyse for Grendadalen og Seterdalen, med tanke på å få eit godt resultat av ei eventuell hyttebygging. Denne setredalsanalysa må ligge til grunn for all hyttebygging i setredalane i Hornindal. Setredalsanalysa legg opp til utbygging i tre soner:

- 1) Restaurering av setrebygg/sterk avgrensa nybygging. Sel føl gardsbruk ved sal.
- 2) Ny hyttebygging. For Honndøler og deira familie som ikkje eig gard. Det bør vurderast nøye kva ein gjer ved evt. sal til andre.
- 3) Sone der det også kan byggast hytter til utleige og anna kommersiell bruk, bl.a. campingplassar.

Innafor kvar sone er det forslag om bestemte lokalitetar for hyttebygging og analysen tar for seg korleis slik utbygging skal skje reint estetisk i forhold til natur, kulturlandskap og anna busetnad.

Dersom turisme skal bli ei næring for landbruksnæringa må ein ha ei overordna målsetting for korleis ein skal utnytte setre- og utmarksareala. Det er klart at utbygging av setredalane vil gi både positive og negative konsekvensar.

For grunneigaren vil det på den eine sida kunne gi ei kjærkomen ekstraintekt, mens han på den andre sida vil måtte godta meir ferdsel i beite- og utmarksområda.

For resten av samfunnet i Hornindal vil ein auka turisme før til meir liv og røre som igjen kan føre til auka grad av privat service i kommunen. Folketalet vil auke i periodar noko som kan føre til aukande handel i kommunen. Aktivitetar med interesse for både dei faste innbygarane og turistane vil få eit betre driftsgrunnlag. Hornindal kan også bli meir kjent utafor kommunen.

Aukande grad av turisme har også negative sider. Slitasje på naturen, bygningar som forstyrrar landskapsbildet, bruk av utmarksområda blir meir uoversiktleg, forsøpling er nokre døme.

Med ei fornuftig og godt gjennomtenkt hyttebygging vil ein langt på veg unngå enkelte uheldige

konsekvensar , mens ein må lære å leve med andre. Alt i alt syner setredalsanalysa at Hornindal har gode mulegheiter for bygge opp ei turistnæring basert på hyttebygging i setredalane.

GRODÅS SENTRUM - MPG

I samarbeid med Statens vegvesen er det sett i gang arbeid med miljøprioritert gjennomkjøring i Grodås sentrum, dette er eit tiltak som både vil gjere sentrum vakrare og meir funksjonell for den gjennomgåande trafikken. Andre stader der dei har gjennomført same type prosjekt har endringane ført til auka omsetning for handelsnæringa. Dette er også eksempel på gode partnerskapsløysingar der fleire aktørar er med på eit spleiselag kor alle partar er vinnarar.

UTFORDRINGAR:

- Å utarbeid ein arealdel som er styrande for arealbruken i kommunen, samtidig som den er fleksibel nok til å stette framtidig arealbehov utan bruk av dispensasjonar
- Å planlegge nye bustadområde med omsyn til RPR for samordna areal- og transportplanlegging og samtidig bruke attraktive bustadområde for å tiltrekke seg folk.
- Håndtere jordbruksareal på ein slik måte at jordbruket framleis blir ei viktig næringsgrein i kommunen samtidig som ein skal unngå at folk flytter frå bygdene.
- Utnytte utmarksareal i forbindelse med tilleggsnæringar i landbruket, slik som turisme og hyttebygging.

2.5 REGION OG KOMMUNIKASJON

Kvivsvegen vil opne ein ny arbeidsmarknad for folk i Hornindal, samtidig som det kan bli lettare å rekruttere arbeidskraft til stillingar som ein har vanskar med å få tak i kvalifisert arbeidskraft. Hornindal kan bli meir attraktivt for tilbakeflytting for folk med høgare utdanning, dersom det vert enklare tilgang til passande arbeidsplassar. Den største tilbakeflyttingsgruppa er nettopp ungdom i etableringsfasa.

Regjeringa legg i Stortingsmelding nr. 34 vekt på å bruke regionalpolitikken for å sikre ein balansert befolknings- og næringsutvikling i alle delar av landet. Det blir viktigare å legge innsatsen inn på å utvikle robuste samfunn heller enn enkelte stader og bedrifter. I st. meld 34 blir robuste regionar definert på følgjande måte:

Robuste samfunn er samfunn som har

- et likeverdig og stabilt velferdstilbud,
- et konkurransedyktig, lønnsomt og omstillingsdyktig næringsliv,
- god tilgang på kompetanse, og
- varierte arbeidsmarkeds-, bolig- og servicetilbud.

Robuste samfunn er omstillingsdyktige i forhold til framtidig utvikling, enten det dreier seg om endringer i næringslivs- og bedriftsstrukturer eller nye krav til service, transport, kommunikasjoner, kompetanse og velferdstilbud som befolkningen og næringslivet stiller.

Utviklingen av slike samfunn er en forutsetning for å få til en god og balansert næringsmessig og befolkningsmessig utvikling i hele landet uten større press- eller avfolkningsproblemer.

Det er klart at kvar enkelt kommune ikkje aleine kan framstå som eit robust samfunn som skildra her. Dei enkelte kommunane må inngå i ein større region som kan vere stor nok til å oppfylle dei nemnde kriteria. Vi ser i dag at fleire og fleire statlege kontor vert flytta frå småkommunane og til sentrum i regionen. Slik utviklinga foregår i dag blir det på ein måte denne utviklinga som bestemmer utviklinga i regionen.

Dei små kommunane blir sett på sidelinja og får i liten grad sjølv avgjere si eiga utvikling innafor regionen. Denne tendensen set krav til kommunane om at dei må sjølv kome på banen å definere kva deira rolle skal bli i regionen. Kommunane sin økonomiske situasjon, der det blir lagt sterkare vekt på skatteinntekter og folketal ved overføringar frå staten, gjer at små kommunar får stadig vanskelegare økonomi. I ein slik samanheng er det kvar dei sysselsette vel å busette seg som er det viktige for kommunane. Ein må da prøve å skape best muleg bumiljø for ulike grupper, desse bumiljøa må innan service, sosialt miljø, kommunikasjonar, fysisk miljø m.m. kunne konkurrere med meir sentrale regionar og stader.

I eit framtidig perspektiv må kommunane samarbeide meir om tenestar da dei vanskeleg kan ha økonomi til fullgode tilbod i eigen kommune. Små kommunar må berre innsjå at det er nødvendig med ei arbeidsfordeling mellom kommunar i same region.

For at ein region skal syne seg som ein dynamisk region må dei enkelte kommunane innafor ein region samarbeide om både tenestetilbod og forvaltning. Amdam skil mellom ulike funksjonar kor ein i større eller mindre grad kan ha eit interkommunalt samarbeid:

Interkommunalt samarbeid

Mange peikar på interkommunalt samarbeid innan kommunal produksjon som eit viktig felt for "effektivisering og rasjonalisering". Det er nødvendig å utvikle kultur for slikt samarbeid spesielt ved å gripe fatt i området og tenester der alle kommunar har fordelar av samarbeid og å bruke dette til å utvikle kultur, tradisjon og tillit mellom dei offentlege aktørane. I denne samanhengen er det viktig å skille mellom funksjonar som.

"Primærproduksjon" – undervisning, sjukeheimar, primærlege m.m. Det aller meste av produksjonsverksemda til kommunane er denne typen der kvar kommune har ein eller fleire institusjonar og som er stor nok kvar for seg til å vere rimeleg effektiv. Storparten av sysselsettinga til kommunane er oppteken med slik velferdsproduksjon på underkommunalt og kommunalt nivå. Regionalt samarbeid, kommunesamanslåing m.m. vil, utanom nokre få grensetilhøve, i liten grad innverke på slik produksjon direkte. På den andre sida kan eit regionalt samarbeid føre til betre kunnskapsutveksling og gjensidig læring mellom slike produserande basiseiningar.

"Sekundærproduksjon" – offentlig tenesteproduksjon til "primærprodusentane" og til mindre grupper – sjeldne tenester. Slike døme er rådgiving, etter- og vidareutdanning av personell i primærproduksjonen, legevaksordningar m.m. Innan IKT kan det vere mykje å vinne på å velje same typen system og samarbeide om opplæring og brukarstøtte. Innan til dømes kommunal teknikk og planlegging bør det vere mogleg å samarbeide betre om oppmålingsverksemd, digital kartverk og GAB, byggeleing m.m. På tilsvarande vis kan det vere mykje å vinne på å samarbeide innan renovasjon, vatn og kloakk m.m. Kommunane samarbeider i stor grad om slik verksemd, men truleg kan ein vinne mykje på å utvide samarbeidet. Fordelane er ofte ikkje økonomiske, men samdrift kan skape større arbeidsmiljø og gjere det lettare å rekruttere spesialkompetanse som det ikkje er grunnlag for i kvar einskild kommune. Spesielt om slik arbeidsdeling også fører til lokaliseringar som vert opplevd som "rettferdig" – bør det vere råd å kome langt i interkommunalt samarbeid. For regionrådet vil det vere ei utfordring å klarlegge slike aktuelle samarbeidsområde og å utvikle samarbeidsordningar som vert opplevd som rimeleg og rettferdig av dei samarbeidande kommunane.

"Forvaltning" – dette gjeld den meir "legale" verksemda til kommunane som byggjeløyveverksemd m.m. og som i prinsippet er "byråkratisk" verksemd der det bør vere ein viss avstand mellom dei som har ansvar for slik verksemd og brukarane. Denne verksemda er relativt liten i kommunane og samstundes eit område der det kan vere mykje å vinne på meir samarbeid for å kunne få til spesialisering.

"Politikk og leing" – er dels knytt til sjølve organisering og leing av kommunal produksjon, men også eit leiaransvar for samfunnsutvikling og samfunnsplanlegging. Spesielt innan samfunnsutvikling og samfunnsplanlegging bør det vere mykje å vinne ved eit auka regionalt samarbeid, spesielt ved å gjere regionen meir konkurransedyktig i forhold til andre regionar som peika på ovanfor. Også innan administrasjon kan det vere mykje å vinne innan planlegging, systemutvikling, spesialisering m.m. ved eit betre regionalt samarbeid.

I dag er det Nordfjordregionen, som er den naturlege region for Hornindal. Med Kvivsvegen vil det opne seg mulegheit for ein større region.

2.5.2 HEGS - REGIONEN

HEGS-regionen består av kommunane Hornindal, Eid, Gloppen og Stryn. Desse kommunane har inngått samarbeid på ulike område. Spesielt innafor IKT-satsing har ein hatt eit vellykka samarbeid. Dette er eit samarbeid kor dei enkelte kommunane har hatt økonomiske fordelar av å finne felles løysingar slik at ein saman kunne forhandle overfor ein tredjepart.

Våren 2000 fekk Møreforsking i oppdrag frå Nordfjodrådet å utføre ein analyse av samarbeidsmulegheitene mellom kommunane i Nordfjord. Det finst mange samarbeidsorganer

blant Nordfjordkommunane som i større eller mindre grad er vellykka. Ei generell svakheit med mange slike samarbeidsorgan er at dei ikkje har klare oppgåver og mandat, dei har ikkje avsett tid, er avhengig av at eldsjeler driv samarbeidet og det kan synes som det er vanskeleg å samarbeide om oppgåver som krev lokaliseringval der nokre av dei samarbeidande partane ikkje umiddelbart oppnår økonomiske fordelar.

Hegs-kommunane si IKT-satsing vert i rapporten karakterisert som glanseksempel på godt samarbeid. Gode samarbeidprosjekt bør i størst muleg grad oppnå følgjande kriteriar:

- Prosjektet er avgrensa til bestemte oppgåver og aktørar. Klare mål for gjennomføring. Klare forventningar til kva prosjektet skal "levere".
- Prosjektleiinga har klart mandat og har delegert ansvar og makt.
- Det må vere ein prosjektleiar/sekretær som kan fungere som pådrivar.
- Nødvendige administrative ressursar og nok tid for deltakarane må vere stilt til rådvelde. Eventuelt fritak for oppgåver i basisorganisasjonen.
- Klar framdriftsplan med milepelar og ansvarsfordeling.
- Realistiske kostnads- og finansieringsoverslag for prosjektet. .
- Prosjektplanen må ha rutinar for rapportering og evaluering.

2.5.3 KVIVSVEGEN – NY REGIONDANNING.

Det viser seg stadig vekk at det er tettstader langs viktige kommunikasjonsmønster som har den mest positive utviklinga. For Hornindal sin del vil Kvivsvegen før til en ny situasjon der den nye stamvegkorridoren vil gå tvers igjennom kommunen. Dette gir kommunen mulegheiter til å utvikle kommunen vidare til ein attraktiv bukommune. Avstanden til omkringliggjande tettstader vert kortare og spesielt vil Kvivsvegen opne for meir kontakt mot Ørsta og Volda regionen. I St.meld. 34 ser ein på kommunikasjonar som svært viktig for den regionale utviklinga.


Kommunikasjonar og grunnleggende infrastrukturtenester er sentralt for den regionale utviklingen. Det er ikke minst av betydning for å utnytte potensialet som ligger i nye næringer og markeder. Det er viktig å få til en utvidelse og styrking av større sammenhengende arbeidsmarkeds-, bo- og serviceregioner ved infrastrukturbygging og samordning mellom ulike transportløsninger. I mer perifere områder er stabile transporttilbud med tilstrekkelig kapasitet for næringslivet av stor betydning.

Først og fremst gir Kvivsvegen Hornindal betra kommunikasjon med Søre-Sunnmøre, og vidare nordover, samtidig som Hornindal blir eit knutepunkt mellom aust/vest og nord/sør. Kvivsvegen vil medføre eit heilt nytt kommunikasjonsmønster i regionen og ein vil få ny regiondanning.

Hornindal blir ein del av eit større samanhengande arbeidsmarknad-, bu- og serviceregion. Dette gjer at Hornindal også må sjå på si rolle i eit nytt regionalt perspektiv. Kva blir Hornindal si rolle i ein ny samanhengande region? Jørgen Amdam⁵ har utarbeidd ei samfunnsanalyse om tilhøve og utfordringar på Søre Sunnmøre. Han ser for seg ein ny stor region som ei følge av Kvivsvegen og Eiksundsambandet.

For Hornindal er det ein klar fordel å kunne bli med i ein så stor arbeidsmarknads-, bu- og serviceregion. Folk som bur i Hornindal vil lett kunne delta i det meste av kva denne regionen kan by på. Næringslivet får eit større lokalt kundegrnlag og større mulegheit til samarbeid med

bedrifter innafor same bransje.



Figur 10 Ny regiondanning. J. Amdam.

2.5.3 RIKSVEG 60

Rv. 60 er den viktigaste hovudferdselsåra gjennom Hornindal i dag. Vegen er ikkje berre viktig for den interne trafikken i Hornindal, men også med tanke på at dette er ein tilførselsveg inn til regionen. Standar og kurvatur er ikkje tenleg for brukarane av vegen. Næringslivet får kvart år store kostnader på grunn av at varene får transportkader. Turisttrafikken er betydelig gjennom kommunen og potensialet vil auke dersom ein får ein opprusting av vegstandarden.

Godkjent hovudplan for riksvegen forutset omlegging av trasèen frå Tomasgard til Møre grense.

Trasèen ligg også inne på noverande arealdel til kommuneplanen. Dette vil seie m.a. at det må etablerast gode avkøyringsmulegheiter – med god og oversiktleg skilting ved avkøyringa på Seljeset, og ved avkøyringa til Støverstein og vegserviceanlegget ved Honndøla bru.

Dersom kommunen skal ta opp igjen spørsmålet om trasèval må det kome fram viktige argument som talar for endring av trasèen, og at kommunen samla sett er best tent med ei slik endring.

2.5.4 BREIBAND – IKT

Når det gjeld utbygging av breiband, er målet i Regjeringas handlingsplan ”*at en skal ha gode markedstilbud om tilknytning til bredbåndsnett til alle grunn- og videregående skoler, folkebibliotek, sykebus og kommuneadministrasjoner innen utløpet av 2002 og tilknytning til bredbåndsnett for alle norske husstander innen utløpet av 2004.*”

Å få breiband til Hornindal er viktig både for kommunen, næringslivet, den offentlege forvaltninga og for enkeltpersonar. Breiband vert sett på som den nye motorvegen. Å ligge utafor denne vil kunne føre til at Hornindal vert ein utkant i forhold til utvikling av både samfunn og næringsliv.

Irland er eit land med nokre få stor byar og mykje utkant om lag som Norge. Irland har satsa sterkt på breibandutbygging og ein ser ei klar utvikling at område som ligg utafor denne utbygginga får ei negativ utvikling i forhold til område med godt utbygd breiband.

Dersom Hornindal ynskjer å utvikle sitt næringsliv frå primærnæringsbasert til eit næringsliv basert på privat tenesteyting og IKT, er det heilt nødvendig med ei satsing på breiband og IKT. Dette er sjølvsagt ikkje til hinder for at ein framleis skal satse på eit aktivt og godt landbruk.

UTFORDRINGAR:

- Utvikle eit forpliktande interkommunalt samarbeid innafor noverande og framtidige regionar.
- Bli bevisst på kva Hornindal kan bidra med i ei regional arbeidsdeling.
- Få framskunda oppstart på Kvivsvegen og RV 60.
- Syte for at Hornindal får ta del i breibandnettet.

¹ Stortingsmelding 34 (2000 – 2001). Om distrikts- og regionalpolitikken.

² Tettsteder i distriktene – situasjon og muligheter. T. Skjeggedal, P. Engesæter, J. Amdam.

³ Thomas Hylland Eriksen, Samtiden 4-92.

⁴ Jan Evert Nilsson 1998, Blomstrande näringsliv.

⁵ Tilhøve og utfordringar på Søre Sunnmøre. Arbeidsrapport nr. 110. Jørgen Amdam 2001.



HORNINDAL KOMMUNE

KOMMUNEPLAN

2004 – 2015



DEL II MÅL- OG STRATEGIDEL

Eigengodkjend av kommunestyret den 25.03.2004 – sak 016/04

HORNINDAL KOMMUNE	1
<i>Kommuneplan 2003 – 2015</i>	1
Mål- og strategidel	1
3. MÅL OG STRATEGIAR	5
VISJON FOR FRAMTIDA/ HORNINDAL MOT FRAMTIDA	5
<i>Kommuneplanen</i>	6
LOKAL AGENDA 21 OG BEREKRAFTIG UTVIKLING	6
<i>Medverknad</i>	6
<i>Enøk</i>	7
<i>Tilgjenge for alle</i>	7
<i>Miljø og landskap i eit hundreårsperspektiv</i>	7
<i>Nærmiljø</i>	8
3.2 DET GODE LIV	9
3.2.1 EIT GODT OG TRYGT LIV FOR ALLE	10
<i>Deltaking og tilhøyre</i>	10
<i>Helse</i>	11
<i>Arbeid og utdanning</i>	13
3.2.2 TENLEGE BUSTADER	16
<i>Buområde</i>	16
<i>Butilbod</i>	17
3.2.3 TENESTETILBOD	18

3.3 KJØS KRINS - EIT ATTRAKTIVT OMRÅDE	21
3.3.2 BUSTADOMRÅDE I EIT VIDARE PERSPEKTIV	21
3.3.1 NYE NÆRINGAR I KJØS KRINS.....	22
3.3.3 REKREASJON OG NATUROPPLEVINGAR.....	23
3.4 TURISME OG HYTTEBYGGING.....	25
3.4.1 TURISME I HORNINDAL.....	25
3.4.2 AREAL TIL HYTTEBYGGING	26
3.4.3 BYGGJESKIKK.....	27
3.4.4 SAMARBEID MELLOM AKTØRAR INNANFOR TURISME	27
3.5 FRAMTIDSRETTA LANDBRUKSNÆRING.....	30
3.5.1. LANDBRUKSNÆRINGA.....	30
3.5.2. BYGDA EIN GOD Plass Å BU.....	32
3.5.3. AREALFORVALTNING	32
3.5.4. SPREIDD BUSTADBYGGING I LANDBRUKSOMRÅDE	32
3.6 KOMMUNIKASJON - NØKKEl TIL UTVIKLING.....	34
KVIVSVEGEN	34
RV 60.....	36
IKT.....	36

3.7 HORNINDAL EIT KNUTEPUNKT MELLOM REGIONAR	38
INTERKOMMUNALT SAMARBEID	38
ARBEIDSMARKNADS-, BU- OG SERVICEREGION.....	39
SAMFUNNSUTVIKLINGA I REGIONEN.....	40
KRISE- OG BEREDSKAPSPLAN FOR HORNINDAL KOMMUNE	41

3. MÅL OG STRATEGIAR

Denne delen av kommuneplanen viser hovudmåla for Hornindal-samfunnet i åra framover.

VISJON FOR FRAMTIDA/HORNINDAL MOT FRAMTIDA

Kommuneplanen for Hornindal kommune skal byggje på følgjande visjon:

Hornindal kommune skal utvikle seg til å bli eit knutepunkt mellom regionar. Hornindal skal vere ei attraktiv bukommune som legg vekt på og vidareutviklar “det gode liv” i bygda.

For å nå denne visjonen har vi utvikla strategiar. Strategiane er dei vegval vi gjer for å nå visjonen. Kwart strategiområde er ikkje nødvendigvis uttømmende i forhold til kommunen sitt totale engasjement og produksjonsområde, men er strategisk viktige område for å møte utfordringane som ligg til grunn for visjonen.

- Det gode liv i Hornindal
- Utviklinga i Kjøs
- Turisme og hyttebygging
- Ei framtidsretta landbruksnæring
- Kommunikasjon som nøkkel til utvikling
- Hornindal eit knutepunkt mellom regionar

KOMMUNEPLANEN

- skal vere eit uttrykk for heilskapen ved den kommunale aktiviteten i kommunen.
- tek for seg heile utviklinga av samfunnet ikkje berre den kommunale forvaltninga.
- skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen.

LOKAL AGENDA 21 OG BEREKRAFTIG UTVIKLING

Ved hjelp av kommuneplanen ønskjer vi å sette søkelyset på Lokal Agenda 21 og berekraftig utvikling. Temaområdet er ikkje definert som eit eige strategiområde, men skal vere eit fundament i alle hovudtema. Hornindal kommune har skrive under Fredrikstaderklæringa, og forpliktar seg derfor til å jobbe for ei berekraftig samfunnsutvikling. Hornindal kommune er ei lita kommune med avgrensa moglegheit til å sette i gang store og omfattande prosessar. Det er viktig å spele på det vi allereie har og det vi allereie gjer. Følgjande delområde skal leggjast vekt på i kommunen sitt engasjement for Lokal Agenda 21 og ei berekraftig utvikling:

- Medverknad
- Enøk
- Tilgjenge for alle
- Miljø og landskap i eit hundreårs perspektiv
- Nærmiljø

MEDVERKNAD

Alle skal ha høve til å påverke avgjerdsgrunnlaget i saker som vedgår dei, og samfunnet dei lever i. Hornindal kommune vil arbeide spesielt for at alle som blir påverka av kommunale planar på ulike nivå, får gode høve til å medverke i ein tidleg fase av planprosessen. Dette skal også gjelde for private planar, fremja etter PBL § 30. I ”konfliktområde”, og område med mange uavklara spørsmål, og/ eller i område som vedgår mange personar, skal det haldast opne møte tidleg i planfasen. Dei ansvarlege for planen skal syte for at dei mest aktuelle gruppene får spesiell oppmoding om deltaking i planarbeidet. Det er ei utfordring å få folk til å involvere seg i det kommunale planleggingsarbeidet.

Gjennom å prøve ut nye former for medverknad ønskjer vi å auke inn innbyggjarane si deltaking i kommunale planprosessar.

ENØK

Hornindal kommune er med i prosjektet Enøk-nettverk, Sogn og Fjordane, som er eit prosjekt i regi av Energiråd AS.

Overordna målsetting for prosjektet er å medverke til ei kostnadsoptimal energiforvaltning, slik at det totale energiforbruket og totale energikostnader for bygningsmassen, blir minst mogleg i framtida. Samstundes skal det takast miljømessige omsyn.

Hornindal kommune skal følgje opp energibruken i nokre utvalde bygg, for deretter å utarbeide enøkplan med aktuelle tiltak. Prosjektet starta opp i 2001, og skal gå over ein treårsperiode. Ved å delta i dette nettverket har kommunen ei målsettinga om å auke kompetansen innan enøk, samtidig som vi tek sikte på å redusere energibruken i kommunale bygg med 10-15%.

TILGJENGE FOR ALLE

Vi vil at Hornindal kommune skal vere ein stad der alle kan trivast og leve eit godt liv. I eit inkluderande samfunn, der alle skal kunne leve det gode liv, må ein leggje tilhøva til rette slik at dei som har vanskar med å delta på ein likeverdig måte får høve til dette på lik linje med dei andre gruppene i samfunnet.

Det er eit mål for Hornindal kommune å dreie samfunnsutviklinga i ei meir universell retning slik at alle grupper kan fungere i samfunnet uavhengig av funksjonsnivå. I all planlegging i Hornindal kommune skal det derfor leggest vekt på å nå målet om lett tilgjenge for alle gjennom hovudløysinga, utan behov for tilpassing, særløysingar eller tilleggsløysingar.

Prinsippa for universell utforming skal vere ein ambisjon for all planlegging. Det skal takast rimelege omsyn, og veljast løysingar som gjer best mogleg tilgjenge for alle - ut frå føresetnadene på staden.

MILJØ OG LANDSKAP I EIT HUNDREÅRSPERSPEKTIV

Hornindal ligg som ein oase mellom fleire større fjellområde. Kulturlandskapet er prega av utviklinga i landbruket gjennom fleire generasjonar, og folket i bygda er i stor grad påverka av bondekulturen, og tradisjonar knytt til denne. Landskapet i bygda innbyr til rekreasjon og oppleving,

noko både bygdefolk og tilreisande set stor pris på. Dette vil vi ta vare på, slik at også framtidige generasjonar får nytte desse kvalitetane.

For å greie dette må alle tenke konsekvensar for miljø og landskap i sine handlingar. Ved all kommunal og privat planlegging og forvaltning skal konsekvensane for miljø og landskap vurderast. Også private aktørar må tenkje alternative løysingar, når eit tiltak kan verke uheldig på miljø og landskap.

Deler av det biologisk mangfald er kartlagt i kommunen, og område med viktige funn skal sikrast gjennom arealdelen. Det er dessutan ei målsetting å utarbeide eige temakart, med grunnlag i dei digitale data.

NÆRMILJØ

Hornindal kan på mange måtar sjåast på som ei tradisjonell bygd med sosial nærleik og stabilitet, samanvevde sosiale nettverk og likskap mellom folk. Dette kjenneteiknar bygdeNorge, og står gjerne i kontrast til det moderne livet, som er prega av ein aukande grad av individualisering, mobilitet og globalisering.

Også Hornindal opplever element av denne moderniseringsprosessen. Det blir vanskelegare å få folk til å drive lokale lag og organisasjonar, sjølv om folk flest ønskjer å delta på ulike arrangement når dei finn det for godt. Hornindal kommune ønskjer å vere bevisst denne utviklinga gjennom å auke fokuset og forståinga av Hornindal som ei bygd, der vi ønskjer det skal vere godt å bu.

Bygda kan beskrivast ut i frå minst tre perspektiv:

- bygda som ein geografisk lokalitet
- bygda som grunnlag for system av sosiale relasjonar
- bygda som symbol, og som grunnlag for identitet og tilhøyre

Hornindal kan ikkje lenger sjåast som ei fast geografisk ramme rundt folk sitt daglegliv. Kontakten utanfor bygda er prega av individualisering. Folk flest har sine egne kontaktnett avhengig av utdanningsbakgrunn, tidlegare og noverande arbeid, slekt og venner. Vi er meir mobile og når eit større arbeidsmarknad. Borna reiser ut for å gå på skule, og både barn og vaksne deltek i ulik grad på fritidsaktivitetar andre stader. Kvivsvegen vil auke desse moglegheitene.

Denne utviklinga påverkar det sosiale systemet og dei symbolske sidene ved bygda. Dersom bygda

framleis skal vere eit sosialt bygdesamfunn må vi ha arenaer der folk kan samhandle. Vi ønskjer derfor å støtte opp om lokale lag og organisasjonar som har aktivitetstilbod som er med på å binde folk saman. Det er viktig at bygda har ulike arrangement som kan vere med på å skape, og halde vedlike, lokalt tilhøyre og identitet. Det er dette som gjer bygda til eit godt samfunn å leve i. Kommunen ønskjer at innbyggjarane blir meir bevisst på verdien av det frivillige lags- og organisasjonslivet i bygda, slik at alle kan yte sin del for at Hornindal kan bestå som ei levande bygd i det moderne samfunnet.

3.2 DET GODE LIV

Dette strategiområdet femnar om eit vidt spekter av element som gjer at den einskilde kan bu og leve godt her i Hornindal. Ved å leggje til rette og vidareutvikle det gode liv ønskjer vi at kommunen skal bli ein attraktiv bukommune i regionen.

HORNINDAL KOMMUNE SI SATSING PÅ "DET GODE LIV" SKAL SKJE GJENNOM Å:

- Leggje til rette for eit godt og trygt liv for alle
- Sikre tenlege bustader for alle i ulike livsløp
- Utvikle eit offentlege tenestetilbodet som svarer til innbyggjarane sine behov
- Sikre hovudtrekka i dei fysiske omgjevnadene i kommunen

3.2.1 EIT GODT OG TRYGT LIV FOR ALLE

Hornindal skal vere inkluderande, ein stad der alle skal få høve til å leve eit godt og trygt liv. Kommunen si oppgåve blir å leggje forholda til rette slik at alle får oppleve denne kjensla. Det er òg ei prioritert oppgåve å førebyggje tilhøve som gjer livet utrygt for den enkelte, men det er den enkelte sjølv som må finne ut kva som gjev livskvalitet og mening.

Opplevd livskvalitet er eit resultat av aktivitet, kommunikasjon og samhandling på mange erfaringsområde. Nokre slike er heim, skule, arbeid og ulike organisasjonar. I samarbeid med frivillige organisasjonar er det kommunen si oppgåve å syte for at alle kan delta på desse arenaene. Dei som har vanskar med å oppnå tilfredsstillande livskvalitet på eiga hand, skal få nødvendig hjelp i form av omsorg og tilrettelegging innanfor dei ulike erfaringsområda.

DELTAKING OG TILHØYRE

Vi ønskjer at dei som veks opp i kommunen, eller flyttar hit, skal kunne utvikle tilhøyre til Hornindal. Eit aktivt lags- og organisasjonsliv gjer det mogleg for innbyggjarane å ha fleirsidig kontakt med ulike personar. Dette kan motverke framandgjering og isolasjon, samtidig som det kan stimulere til identitetsdanning. I den samanheng er det viktig å støtte opp om det frivillige lags- og organisasjonslivet i bygda. Desse er med å synleggjere og bringe vidare vår felles kulturarv på ein god måte. Svor-museet er eit framifrå eksempel på ein kulturinstitusjon som tiltrekkjer seg interesserte - langt utanfor regionen. Dette må vi i større grad kunne utnytte som ein turistattraksjon, og formidlar av lokal kunst og kultur.

Huset Vårt /nærmiljøsentralen er med på å gjere kvardagslivet enklare og trivelegare for mange, og dette arbeidet ønskjer kommunen å støtte opp om. Nærmiljøsentralen er òg ein viktig medspelar i arbeidet med lokal Agenda 21 i kommunen.

Lag- og organisasjonar i Hornindal gjer ein framifrå jobb for å skape møteplassar for folk flest. Her bør også leggjast til rette for dei gruppene som fell utanfor det organiserte organisasjonslivet. I det fysiske planarbeidet bør kommunen ta omsyn til behovet for uformelle møtestader ved å sikre nok friareal, m.a. innanfor byggeområda i kommunen. Som ungdomane sitt talerør bør Ungdomsrådet ta tak i dette, undersøke behov og kome med forslag.

Det må vere rom for ulike livsløp og livsmiljø i kommunen. For å sikre eit variert aktivitetstilbod også innanfor smalare felt vil kommunen arbeide for at lag og organisasjonar ser nytten av å samarbeide på tvers av kommunegrensene.

Ungdom som reiser vekk for å ta utdanning er ein viktig ressurs, og kommunen vil aktivt medverke til at denne ressursen finn det attraktivt å kome tilbake til heimstaden. Dette kan m.a. skje ved at både kommunen, næringslivet og samfunnet elles arbeider for å halde vedlike den lokale forankringa ungdomane har med seg når dei reiser ut.

Næringslivet må leggje forholda til rette for at ungdom kan få sommarjobb, deltids-/sesongarbeid eller ulike praksisjobbar i samband med studiar.

Ulike arrangement retta spesielt mot ungdom, og meir generelle arrangement kan vere viktig for å skape ein arena der fastbuande og utflytte kan treffast.

HELSE

I WHO's definisjon av helse heiter det:

”Helse er en tilstand av fullstendig fysisk, mentalt og sosialt velvære – og ikke bare fravær av sykdom eller svekkelse”. God helse er ein del av opplevd livskvalitet, og kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal få nødvendige tilbod, som kan medverke til god helse gjennom heile livsløpet.

Ved å delta i prosjektet ”Samarbeid om folkehelse og helsetenester i Nordfjord” ønskjer kommunen å leggje vekt på ein heilskapleg strategi for folkehelse og forbyggjeng - for innbyggjarane, samtidig som samarbeidet vil gjere helsetenestene meir robuste.

Samarbeidsprosjektet er også nedfelt i fylkesplanen sitt handlingsprogram 2001-2004, innanfor temaområdet ”Eit godt liv”.

Prosjektet følgjer to hovudstrategiar:

- Førebygging og folkehelse
- Samhandling mellom forvaltningsnivå

Hornindal kjem godt ut av levekårsgranskingar, og kommunen ønskjer å oppretthalde dei gode levekåra gjennom å yte individuelt tilpassa helse- og sosialtenester til alle som har behov for det. Folk si helse heng i stor grad saman med korleis vi lever og har det med kvarandre i kvardagen. Truleg vert 90% av helsa bestemt av tilhøve i samfunnet utafor helseområdet, og derfor er det av stor verdi å førebyggje sjukdom og fremje helsetilstanden til den enkelte. Kommunehelsetenesta skal vere pådrivar overfor andre etatar, og medverke til helsefremjande og førebyggjande arbeid.

Tverrfagleg samarbeid er sentralt i å fremje god helse hjå innbyggjarane. Vi ønskjer å sette fokus på heilskapen i det einkilde menneske sitt liv. Det er viktig at alle får stetta nødvendige behov som kan gi alle moglegheit til å delta i samfunnet på ein likeverdige måte.

Helsestasjonen spelar ei viktig rolle i det førebyggjande arbeidet blant barn og unge, og er ein instans som kan ”fange opp” sårbare og utsette grupper. Vidare kan helsestasjonen leggje til rette støttetilbod, iverksetje spesielle tiltak, og gi nødvendig informasjon om hjelpetiltak frå andre instansar. Kommunen ønskjer derfor å styrke helsestasjonen og skulehelsetenesta.

Ut over dei offentlege oppgåvene har alle eit sjølvstendig ansvar for å halde seg i god fysisk form. Frivillige lag og organisasjonar organiserer aktivitetar som kan hjelpe den enkelte med dette, mens kommunen si rolle blir å leggje forholda til rette for at flest mogleg kan drive fysisk aktivitet. Kommunedelplanen for idrett og friluftsliv skal m.a. prioritere fysiske tiltak i kommunen, og vurdere kva område som evt. manglar tilbod. Der det er naturleg vil kommunen vurdere evt. regionalt samarbeid om etablering og bruk av anlegg. Kommunen vil òg oppmode lag og organisasjonar om å samarbeide om anlegg og arrangement i regionen, slik at ressursane i størst mogleg grad kan brukast til å skape aktivitet.

Tilrettelegging for fysisk aktivitet skal gå fram av kommunen sine planar, og nye buområde skal m.a. ha lett tilgonge til område for rekreasjon og friluftsliv. Kommunen vil strekkje seg langt for å sikre at eksisterande turveggar og naturlege rekreasjonsområde ikkje vert nedbygde eller øydelagde på anna måte. Samtidig vil kommunen sikre ålmenta tilgang til slike område.

For å auke tryggleiken langs skulevegen vil kommunen leggje til rette for at flest mogleg, som bur i gangavstand til skulen, vil kunne ta denne vegen til fots. Mange av dei som bur og jobbar på Grodås og nærliggjande område, har gode føresetnader for å betre eiga helse – ved å gå eller sykle til og frå jobb. Over tid vil dette også gagne miljøet og den kommunale økonomien.

Hornindal kommune ønskjer å gjere noko med dei uheldige utviklingstrekka som aukande rusproblem fører til. Kommunen er derfor med i eit førebyggjande prosjekt som omhandlar rus, mobbing og kommunikasjon m.m. Dette er eit tverrfagleg prosjekt der målgruppa er elevar i 6. til og med 10. klasse, og foreldre med barn i barnehage og skule. Prosjektet, som varer i 3-5 år, skal gjere skulen/barnehagen betre i stand til å møte dei problem rus fører med seg, og skape positive løysingsorienterte prosessar, før hjelpeapparatet evt. blir sett inn. Prosjektet er felt ned i fylkesplanen

sitt handlingsprogram 2001-2004, i programmet Ung i Sogn og Fjordane.

ARBEID OG UTDANNING

Arbeid er nødvendig for at folk kan busette seg i kommunen, og i dag er næringslivet dominert av jordbruk og industri.

Kommunen tek mål av seg til å bli ein attraktiv bukommune, og må derfor ha tilgang på arbeid innanfor eit variert og framtidsretta næringsliv. For dei fleste er meningsfylt arbeid, med høve til personleg utvikling, ein viktig livskvalitet, og som største arbeidsgivaren i bygda har kommunen eit spesielt ansvar for å leggje til rette for eit inkluderande arbeidsliv.

Næringsplanen er viktigaste dokumentet i arbeidet med ei målretta utvikling av næringslivet, og kommunen vil medvirke til, og leggje tilhøva til rette for nyetableringar, og vidareutvikling av store og små verksemdar i kommunen. Gjennom arealplanlegginga vil kommunen sikre tilstrekkeleg næringsareal.

I dagens regionaliserte og globaliserte næringsliv er det nokså avgrensa kva kommunen kan gjere i høve til å skape nye arbeidsplassar. Gjennom rådgiving og tilrettelegging ønskjer vi å ta vare på entreprenørskapen som syner seg i kommunen. Vi ser samtidig at skulen si satsing på elevbedrifter kan auke unge sitt engasjement for etableringar.

Gjennom planlegging og rådgjeving ønskjer kommunen å støtte opp om omstilling og utviklingsprosessar som er nødvendig for å oppretthalde det lokale næringslivet. For å vere konkurransedyktig i dagens globale marknad må bedriftene stadig fornye kompetansen, og ha evne til nyskaping. For å få til dette er ein avhengig av å ta del i eit større miljø. Vi vil derfor oppmode næringslivet i kommunen om å auke kontakten med slike miljø. Dei vidaregåande skulane i regionen driv også ein del kursverksemd, og kommunen ønskjer å jobbe for at aktuelle kurstilbod kan bli lagt til Hornindal, dersom næringslivet har behov for slike tilbod. Når Kvivsvegen kjem bør det lokale næringsliv kunne utnytte nærleiken til Høgskulen i Volda og Møreforskning til å samarbeide om frouaktivitet.

Satsing på gode kommunikasjonar kan bli avgjerande for eksisterande foretak sin eksistens, samtidig som det er nødvendig for å kunne utvikle nye vekstnæringar. Hornindal kommune skal vere pådrivar, for snarast mogleg, å få bygt Kvivsvegen og få rusta opp/ lagt om RV 60. Begge desse prosjekta er svært viktige for kommunen si vidare utvikling.

Det er viktig å sikre tilgang til arbeidskraft med rette kvalifikasjonar til dei lokale bedriftene, slik at dei kan utvikle seg vidare her i kommunen. Vi ønskjer å utvikle eit nært samarbeid mellom næringslivet og skulen, slik at elevane blir kjende med bedriftene. Slik kan elevane få kjennskap til kva kvalifikasjonar det lokale næringslivet treng, samtidig som bedriftene kan synleggjere sine arbeidsområde og behov for kompetanse. I Fylkesplanen sitt handlingsprogram 2001-2004 er dette eit prioritert område, innanfor programmet kompetanse og opplæring. Skulen bør vurdere å etablere eit slikt prosjekt.

Mange som bur i Hornindal pendlar dagleg til jobb i nabokommunane, og truleg vil denne situasjon vedvare også i framtida. Hornindal kommune er derfor avhengig av at næringslivet i regionen er variert og robust, og at regionen fungerer som arbeidsmarknad for innbyggjarane. Med realisering av Kvivsvegen vil tilbod om bussavgangar til og frå Hornindal sitt pendlingsomland truleg bli betre.

I Hornindal er det om lag balanse mellom tilbod og etterspurnad etter barnehageplassar. Det er kommunen si oppgåve å syte for at denne balansen held fram i planperioden - slik at næringslivet er sikra arbeidstakarar også i åra framover. I periodar av livet kan mange ha behov for fleksible ordningar i høve til skulefritidsordning og barnehage, og kommunen ønskjer å tilby ordningar som lettar kvardagen for den einskilde familie. Prisane bør derfor stå i samsvar med inntektsnivået i kommunen. I tillegg til at dette sikrar tilgang på arbeidskraft til det lokale næringslivet, kan slike tiltak gjere Hornindal meir attraktiv som bukommune.

BEREDSKAP, RISIKO OG SÅRBARHEIT

Hornindal kommune har utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse, som er grunnlag for all planleggjing i kommunen, både på kommuneplannivå og på etatsnivå. Risiko- og sårbarheitsanalysen skal haldast à jour kontinuerleg, med hovudrevisjon kvart fjerde år.

Kommuneleiinga har ansvar for at beredskapsførebuingar blir gjort på alle kommunale aktivitetsområde, og har i tillegg eit generelt ansvar for innbyggjarane sitt ve og vel i ein krisesituasjon, både i krig og fred.

Å sikre eit godt og trygt liv for alle inneber at kommunen må vere budd på å takle ulike situasjonar. Dette kan vere alvorlege ulykker og katastrofer, eller svikt i samfunnsviktige system, som t.d. vassforsyning, elforsyning og liknande.

For å kunne reagere raskt og effektivt i kritiske situasjonar har kommune utarbeidd kriseplan. I tillegg har kvar etat ansvar for å utarbeide kriseplanar for sine fagområde. Kriseplanane skal haldast à jour, og reviderast kvart år.

Av katastrofar / større ulykker som kan inntreffe i Hornindal kan nemnast :

Storm / orkan	Olje- og kjemikalieforureining
Flaum	Svikt i straumforsyninga
Snøras / jordras / steinras	Radioaktivt nedfall
Større skog-/ lyngbrannar	Svikt i vatn- og avlaupssystemet
Industribrannar	Ekspløsjonar
Sabotasje eller hærverk	Større trafikkulykker

I dei fleste høve vil hendingar som er nemnt ovanfor ikkje vere av større omfang enn at den lokale redningstenesta (LRS) vil ha kapasitet til å takle situasjonen. LRS vert leia av politiet, og omfattar elles brannvesenet, helsevesenet, evt. industrivern, Røde Kors Hjelpekorps, forsvaret, sivilforsvaret m fl.

Ved meir omfattande katastrofar eller ulykker, utover det den lokale redningstenesta kan ta hand om, kan kommunen bli engasjert i spesielle redningsoppdrag eller oppryddingsarbeid. Også i slike situasjonar vil det bli stilt store krav til kommunen, og nedanfor er nemnt eksempel arbeidsoppgåver kommunen kan få ansvar for i ein krisesituasjon :

- * Ta hand om skadde personar
- * Omsorg for personar som har vore utsett for påkjenningar
- * Evakuering av personar frå eit utsett område
- * Innkvartering av evakuerte, skadde og/eller redningsmannskap
- * Informere om situasjonen i kommunen og gi retningslinjer
- * Forpleining eller anna forsyningsstøtte
- * Sikre helsemessig trygge næringsmidlar og drikkevann
- * Rette opp skadar på kommunikasjon og andre anlegg
- * Opprydding, oppreinsking, avfallsdeponering og annan innsats for å verne miljøet
- * Vern om kulturelle verdier

3.2.2 TENLEGE BUSTADER

I Hornindal er einebustaden den dominerande buforma, men likevel viser statistikken at dei fleste familiane består av einslege, og par utan barn. Kommunen ønskjer å ta dette på alvor og gjennom arealplanlegginga sikre areal for mindre bueningar, som òg kan omfatte gjennomgangsbustader. Gjennom livsløpet har ulike grupper behov for ulike kvalitetar ved bustaden, og i periodar av livet er alle meir eller mindre funksjonshemma. Enten i form av alderdom, helseproblem, permanent funksjonshemming, eller som småbarnsforeldre med barnevogn. Hornindal kommune skal vere ein kommune der alle kan leve eit godt liv gjennom heile livsløpet, derfor vil kommunen nytte prinsippa om universell utforming i all planlegging både på overordna og detaljert nivå.

BUOMRÅDE

Nye utbyggingsområde skal leggjast til eksisterande grender med gode kommunikasjonar, slik at dei med lågast mobilitet, og dei som ikkje har tilgang til bil dagleg likevel kan nå tak i dei tenestene dei har behov for. Utbyggingsområda skal så langt råd er utformast slik at dei kan brukast av alle gjennom heile livsløpet. Gjennom ei fornuftig/streng handheving av estetikkreglane i plan- og bygningslova ønskjer vi å vise at Hornindal har ei bevisst haldning til estetikk og arkitektonisk utforming. Kommunen ønskjer å ta vare på og vidareutvikle særtrekka i byggjeskikken, men slik at det òg er rom for nytenking. Vi vil oppmode lokalmiljø om å ta ansvar for at dei sosiale møteplassane/grendahusa også blir tilgingeleg for funksjonshemma.

Hornindal kommune er ei landbrukskommune med stor grad av spreidd bustadbygging. Kommunen har eit mål om at framtidig utbygging i landbruksområda skal skje i mindre klynger, og berre på eigna stader. Slik ønskjer vi å leggje til rette for gode buområde, tilpassa alle grupper, og med kommunaltekniske anlegg som tilfredsstiller dagens utsleppskrav

Det er vanskeleg å sjå for seg at Hornindal kan utvikle buområde i alle deler av kommunen med fullgode tilbod til alle grupper av folket. Det mest omfattande og differensierte bustadtilbodet blir derfor lagt til Grodåsområdet der kommunen ønskjer å leggje til rette for fullverdige tilbod av offentlege og private tenester, og med stor grad av tilgjenge for alle.

BUTILBOD

Leilegheiter:

Samfunnsutviklinga har ført til store endringar i familiestrukturane, og truleg vil utviklinga i Hornindal også gå mot nye familierelasjonar. Vi kan òg kome til å sjå ei utvikling der godt vaksne, med barn som her flytta ut, sel huset og kjøper seg leilegheit av høg standard i område med gode tenestetilbod. I åra framover vil dette føre til større etterspurnad etter mindre leilegheiter, m.a. 4 romsleilegheiter.

Ut frå dette, og den kjensgjerning at om lag 52 % av hushalda i kommunen alt består av 1-2 personar, vil kommunen leggje til rette for at det blir bygt fleire leilegheiter for mindre hushald. Det er trong både for gjennomgangsbustader for ungdom, og rimelege familiebusader, og gjennom reguleringsplanar vil det bli lagt til rette for utbygging av slike leilegheiter i sentrumsområdet.

Mange føretrekk å kjøpe brukt bustad framfor å byggje sjølv, og lettare tilgang på mindre leilegheiter/ bustader vil kanskje også føre til større omsetnad av einebustader. Ei utvikling der bustadhus blir ståande tomme, eller berre brukt som fritidsbustad, er ei utvikling vi ikkje ønskjer.

Einebustader:

Både i Kyrkjhornsbakkane og på Fannemel har kommunen god tilgang på ledige tomter. Ved evt. behov for fleire bustadtomter ønskjer kommunen å prioritere utbygging av sentrumsnære areal, og då er området mellom Nyland og Kyrkjhornsevla mest aktuelt. Kommunen ønskjer dessutan å leggje til rette for einebustader i Kjøsområdet, og opne for spreidd bustadbyggjeng i enkelte LNF-område. Område som vert lagt ut til spreidd utbygging vil bli vurdert både i høve til landskap, topografi, lokalklima, infrastruktur, arrondering i høve til ginverande landbruksareal m.m.

Ut frå krava i risiko- og sårbarheitsanalysen må bustadområde o.a. utbyggingsområde lokalisrast til rassikre område, og vere sikra tilstrekkeleg og godt vatn. I tillegg må avløpet tilfredsstillende kommunale utsleppskrav, og tilkomst må kunne knytast til offentleg eller privat veg på ein trafikksikker måte. Vi ønskjer ikkje ei utvikling med uoversiktlege trafikktilhøve som gjer skulevegen utrygg.

Tilrettelagde bustader:

Etter reformer i helse- og sosialvesenet er det i dag større behov for tilrettelagde bustader enn

nokon gong, og kommunen vil arbeide for at vi til ei kvar tid har nok bustader for brukargrupper med spesielle behov. Slike bustader må utformast og plasserast slik at det enkelt å utføre omsorgstenestene.

3.2.3 TENESTETILBOD

Kommunane sine økonomiske rammer, og fleire lovpålagde oppgåver gjer det stadig vanskelegare å oppretthalde eit godt servicenivå. Hornindal kommune har likevel ei målsetting om å yte tenester av høg kvalitet til innbyggjarane, men for å kunne redusere kostnadene og likevel sikre eit fagleg godt tilbod har kommunen gått inn i fleire regionale samarbeidsprosjekt. Desse og liknande prosjekt er kommunen villig til å vidareutvikle, der dette er aktuelt.

Både offentlege og private tenestetilbod blir vurdert som viktige for at ein kan leve eit godt liv, og folk flest krev stadig meir omfattande og kvalitetsmessig betre tenester. Hornindal kommune vil derfor utarbeide servicegarantiar og kvalitetssikre alle tenester. Samtidig ønskjer kommunen å vere aktiv i kompetanseutviklinga, og i samarbeid med dei tilsette vidareutvikle kommuneorganisasjonen til å møte endringar i brukarane sine behov. Dette gjeld m.a. innanfor helsevesenet, der nye reformer fører til kontinuerleg utvikling av helsetilbodet, med nye pasientgrupper, nye behandlingsmetodar og ny fagkunnskap på ulike felt. Alle i kommunen skal vere trygge på at dei får tenester av god kvalitet når dei treng det.

For å utvikle tenestetilbodet, og sikre innbyggjarane framleis tilgang til statlege tenester, vil kommunen arbeide aktivt for å styrkje servicekontoret.

Barne- og ungdomsskulen i kommunen har god kapasitet til noverande elevtal, men med målsetting om å vere ein attraktiv bukommune for ein større region vil elevtalet truleg auke. Dette kan igin føre til plassproblem, og kommunen må vere budd på å løyse dette.

Ein attraktiv bukommune må også kunne stette dagens foreldre sine krav om høg kvalitet på barnehagetilbodet. Hornindal kommune vil difor oppretthalde og vidareutvikle det gode barnehagetilbodet vi har i bygda.

Eit fullstendig teneste- og servicetilbod er å finne i samspelet mellom offentlege og private tenester, og i Hornindal er det mest nødvendige av slike tenester lokalisert til Grodåsområdet. Men med eit innbyggjartal på ca. 1200 er befolkningsgrunlaget for lite til at alle bransjar kan vere dekkja innanfor kommunen sine grenser. Likevel er det av stor verdi å oppretthalde eit høgast mogleg

tenestetilbod til innbyggjarane i byga.

HORNINDAL KOMMUNE 2002 - 2015	HANDLINGSPLAN 2002 – 2006
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skal støtte opp om dei frivillige lag- og organisasjonane for å styrke det lokale fellesskapet ▪ Skal sikre eit variert aktivitetstilbod gjennom samarbeid med andre kommunar. ▪ Ønskjer at innbyggjarane er fysisk aktive, med tanke på å førebyggje helseproblem ▪ Skal yte individuelt tilpassa helse- og sosialtenester til alle som har behov for det 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skal vidareføre støtte til frivillige lag- og organisasjonar i økonomiplanen ▪ Gjennom rullering av kommunedelplan for idrett- og friluftsliv skal det vurderast samarbeid med lag- og organisasjonar i nabokommunane. Dette for å sikre innbyggjarane eit så variert aktivitetstilbod som mogleg. ▪ Skal gjennom fysisk planlegging leggje til rette for at allmenta har gode moglegheiter for fysisk aktivitet i nærmiljøet ▪ Skal oppretthalde dagens primærhelsetilbod
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skal gjere det mogleg for ungdom å møtast i sosiale samanhengar, også utanom dei organiserte aktivitetane ▪ Ønskjer å halde kontakten med utflytta ungdom ▪ Skal aktivt prøve å fange opp og førebyggje uheldige utviklingstrekk med omsyn til rusproblem ▪ Vil være med på å sikre rekruttering til næringslivet og utvikle entreprenørskap blant ungdom 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ungdomsrådet skal engasjere seg i å få etablert uformelle møtestader for ungdom ▪ Skal ha tilbod om sommarjobb for ungdom under utdanning ▪ Skal vidareføre det rusførebyggande og haldningsskapande prosjektet (jfr. Fylkesplan 2001-2004) ▪ Skal leggje til rette for samarbeid mellom næringsliv og skule (jfr. Fylkesplan 2001-2004) ▪ Skal halde fram med elevbedrift i skulen

<ul style="list-style-type: none"> ▪ Det skal vere tilgang på ulike typar bustader, som kan gje eit butilbod for alle i ulike livsløp med ulike behov ▪ Skal sikre tilginge for alle ▪ Det skal vere mogleg å busette seg i alle bygder i kommunen 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennom arealdelen skal det leggst til rette for utbygging av sentrumsnære bustader for alle i ulike livsløp med ulike behov ▪ Vi skal ha tilbod om tilrettelagde bustader for alle brukargrupper ▪ Skal inkludere prinsipp om universell utforming i all aktuell planlegging ▪ Framtidig bustadbygging i landbruksområde skal skje på eigna stader, utafør dei mest verdifulle landbruksareala
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skal sikre innbyggjarane nødvendige tenestar av god kvalitet, for å medverke til at dei kan ha eit godt livsløp med god helse ▪ Skal satse på kvalitetssikring, kompetanseutvikling og interkommunalt samarbeid for å sikre innbyggjarane eit best mogleg tenestetilbod i samsvar med etterspurnaden 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skal gjennomføre hovudrullering av alle eksisterande planer på dei ulike tenesteområda. ▪ Skal utarbeide ein plan for kompetanseutvikling på alle tenesteområde ▪ Skal kvalitets sikre alle tenestar ▪ Skal utarbeide servicegarantiar
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vil gjennom planlegging, rådgiving og tilrettelegging støtte opp om omstilling og utviklingsprosessar som er nødvendig for å oppretthalde og vidareutvikle det lokale næringslivet ▪ Vil syte for balanse mellom tilbod og etterspurnad etter barnehageplassar ▪ Ønskjer å vere med på å oppretthalde eit variert tilbod av private tenestar for innbyggjarane 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skal rullere næringsplanen

3.3 KJØS KRINS - EIT ATTRAKTIVT OMRÅDE

Med si strategiske plassering, og sine landskapsmessige kvalitetar har Kjøs krins i lengre tid vore sett på som eit attraktivt område.

Gjennom arealdelen til kommuneplanen vil kommunen leggje til rette for at dei som ynskjer å busette seg, eller etablere næringsverksemder i dette området, får høve til det. Vi trur at kombinasjonen av attraktive buområde og mindre næringsverksemder, er ei utvikling som best ivaretek miljø og særpreg, og som stettar innbyggjarane sine ynskje. Området har alt ein del hytter, og strandsona langs Hornindalsvatnet er flittig brukt som friluftsområde. Kommunen ønskjer ei vidareutvikling av eksisterande næringar, med innslag av mindre verksemder som m.a. kan tene innbyggjarane sine behov for nærservice, samtidig som det kan vere ein del av turistnæringa.

HORNINDAL KOMMUNE ØNSKJER FØLGJANDE UTVIKLING I KJØS:

- Leggje til rette for at bustad- og næringsutviklinga i området skjer på ein slik måte at miljø, naturkvalitetar og særpreg blir teke vare på.
- Syte for at naudsynt infrastruktur er på plass før utbygginga tek til.
- Leggje til rette for etablering og vidareutvikling av servicenæringar i området
- Oppretthalde Kjøsområdet som eit viktig område for rekreasjon og naturopplevingar

3.3.2 BUSTADOMRÅDE I EIT VIDARE PERSPEKTIV

I staden for eitt stort felt vil kommunen leggje opp til bustadfelt/ buområde av ulik storleik i Kjøs krins. Kommunen ønskjer å leggje til rette for ei heilskapleg utvikling av buområda, med trygge og gode nærmiljø, og med vekt på å bevare natur- og miljøkvalitetane i området. Vi ønskjer å lokalisere bustadfelta til område med godt lokalklima, god luftkvalitet, og utan sjenerande støy. Vi trur at slike kvalitetar er avgjerande for eit kvart attraktivt buområde. Likeså gode ordningar for vatn

og avløp. Dette o.a. infrastruktur, som sikre og gode trafikktilhøve for barn og unge, må vere på plass før dei aktuelle buområda kan byggast ut.

Gjennom reguleringsplan for bustadfelt på kommunen sin eigedom i Kongsvik, ønskjer kommunen å leggje til rette for eit mindre tal store attraktive tomter, utan stor byggjetettleik. God og sikker kryssing av riksvegen skaffar samtidig bebuarane god tilkomst til det attraktive friområdet/friluftsområdet ved vatnet, rett nedanfor feltet.

For å nå offentleg og privat tenestetilbod i kommunesenteret på Grodås må ein nytte privatbil eller kollektivtransport til og frå Kjøsområdet. Ved å leggje til rette for at alle grupper kan nytte kollektivtransport kan dei uheldige konsekvensane ved å bu utafor gangavstand til sentrumsfunksjonane, langt på veg avgrensast. Når Kvivsvegen vert bygt vil truleg frekvensen av bussruter mellom Grodås og Kjøs bru auke, og vi trur at buområda i Kjøs krins kan bli attraktive for alle som ynskjer tilgang til ein variert arbeidsmarknad både i Hornindal, Stryn og Eid.

Hornindal kommune ønskjer å prioritere trafikktryggingstiltak i Kjøs krins, og vi ser det som viktig at alle kan ferdast trygt både internt i området, og når dei skal ut av området. I samband med Kvivsvegen ønskjer kommunen å påverke vegstyresmaktene slik at gjennomgangstrafikken kan først gjennom Kjøsområdet på ein slik måte at dei mjuke trafikantane kan ferdast trygt.

Å realisere utbyggingsplanane i Kjøsområdet vil føre til store kostnader for kommunen, i form av tilrettelegging av infrastruktur. Det kan derfor vere nødvendig å selje tomter før opparbeidinga kan ta til.

3.3.1 NYE NÆRINGAR I KJØS KRINS

Hornindal kommune ønskjer at Kjøs krins både skal vere buområde og område for eksisterande og nye (mindre) næringar. For å ivareta omsynet til eksisterande og nye buområde vil derfor næringar som fører til sjenerande og permanent støy, ikkje kunne etablerast i dette området. Kommunen vil for eksempel ta omsyn til dette når evt. ny næringsaktivitet skal vurderast ved Kjøs bru.

Som ledd i arbeidet med å utvikle ein fleksibel bu- og arbeidsregion ønskjer kommunen også å sjå på næringsutviklinga i Kjøsområdet i høve til nærliggjande område i Stryn og Eid. Dette for at grenseområdet mellom dei tre kommunane kan bli brukt til det formål dei er best eigna til.

I området søraust for Kjøs bru er landskapet kuppert med innslag av kollar og flatare areal, og området kan med fordel nyttast til næringsdrift. Kollane ligg som skjerm mot vegen, og mot eksisterande og planlagte buområde på andre sida av vatnet. Ved ei evt. utbygging må desse framleis liggje som avskjerming av næringsarealet. .

Området er best eigna til småskalaverksemd, kontorarbeidsplassar og liknande. Altså tiltak som har ingen eller få negative konsekvensar for natur, miljø buområda i området. Detaljhandel og tenester med mange kundar/brukarar, som t.d. daglegvarer, kle, sko og offentleg tenesteyting skal ikkje etablerast utafor kommunesenteret, då dette kan føre til eit svekka sentrum, jfr. Fylkesdelplan for arealbruk

I løpet av planprosessen har det kome fram interesse for å byggje opp serviceanlegg med kro, storkiosk og evt. overnatting ved Kjøs bru. Interessenten ser ei evt. utbygging i samanheng med gjennomgangstrafikken og hytteturismen i området, samt service for dei fastbuande. Etablering av ei slik verksemd bør lokaliserast til området bak vegvesenet sin kontrollplass og busstasjonen, men med god kontaktflate mot riksvegen.

I Kjøsområdet er det også ein del hytter, og der tilhøva ligg til rette for det kan det vere mogleg å vidareutvikle dette tilbodet. Kommunen har òg trong for campingplass med serviceanlegg, og Kjøsområdet kan vere ein aktuell stad for slik etablering. Dette vil òg kunne redusere villcamping både langs strandlinja, og andre stadar i kommunen.

3.3.3 REKREASJON OG NATUROPPLEVINGAR

Heile Kjøsområdet har gode moglegheiter for rekreasjon og naturopplevingar, og nokre av dei viktigaste suksessfaktorane for å oppnå attraktive buområde er å ta vare på særigne natur- og landskapskvalitetar, og la desse vere viktige premisser i utforminga av reguleringsplanane.

Kommunen ønskjer å leggje til rette for universell utforming, med tilgjenge for alle – både i buområda og i viktige rekreasjonsområde. Frå buområda skal det derfor vere enkel tilkomst til aktuelle rekreasjonsområde. Det skal òg vere lett å orientere seg både for dei som har svekka orienteringsevne, og for ukjende, og merking av turveggar kan vere eitt aktuelt tiltak.

Som attraktivt bu- og hytteområde har Kjøspollen trong for ordna tilhøve for småbåtar. Plastbåtar med kjølen i været, i store deler av haust- vinter- og vårhalvåret, er ikkje noko pryd for auget, og reduserer naturopplevingane i området. Kommunen vil derfor leggje til rette for at det i planperioden kan etablerast ei eller fleire småbåthamner, og syte for at dette vert teke med i aktuelle reguleringsplanar for området.

"Den Trondhjemske Postvei" og friluftsområdet ved på Skjerneset er mykje nytta som rekreasjons- og turområde, og skal framleis sikrast til slikt formål i arealdelen.

Generelt ønskjer kommunen å ta vare på natur- og landskapskvalitetane som rekreasjonsområda representerer. Samtidig ønskjer vi å leggje til rette for at flest mogleg kan bruke områda, og då kan det i enkelte høve oppstå konflikt mellom tilrettelegging og tilgjenge for alle, og vern av kvalitetane/

områda. Enkelte populære utfartsområde kan bli utsett for slitasje, og i desse områda kan det bli behov for ei viss fysisk tilrettelegging.

Det attraktive rekreasjonsområdet ved Hamna, som kommunen løyste inn frå Statens Skoger, er eit slikt område. Det er sårbart og utsett for slitasje, og det kan vere aktuelt å føreta mindre tiltak for å hindre at deler av vegetasjonen tørkar ut. Anna opparbeiding er uaktuell, og anna tilrettelegging må avgrensast til merking/ skilting og oppsetting av bosstativ.

HORNINDAL KOMMUNE 2003-2015	HANDLINGSPLAN 2003– 2007
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ønskjer å leggje til rette for attraktive buområde i Kjøs krins, med vekt på gode og trygge nærmiljø, og bevaring av natur- og miljøkvalitetane i området ▪ Etablere eit mindre bustadfelt på kommunen sin eigedom i Kongsvik, så snart balansen mellom nødvendige infrastrukturkostnader og inntekt av tomtosal er sikra. ▪ Ønskjer at Kjøsområdet skal vere attraktivt buområde. Derfor vil kommunen ta omsyn til dette når anna aktivitet i området skal vurderast. ▪ Arbeide for at trafikktryggleiken i Kjøsområdet vert betra. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Syte for at offentlege og private reguleringsplanar tek omsyn til målsettingane i kommuneplanen. ▪ Utarbeiding av prospekt for utbygging av bustadfelt i Kjøs med tanke på å knytte til seg aktuelle tomtekjøparar ▪ Vil så langt råd er leggje til rette for universell utforming buområda med god tilkomst til aktuelle rekreasjonsområde. ▪ Tiltak i Kjøsområdet skal prioriterast i kommunedelplan for veg- og trafikktrygging.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skal gjere det mogleg å etablere servicenæringar i Kjøs krins 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennom arbeidet med arealdelen finne eigna areal til næringsverksemd
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kjøsområdet skal framleis vere eit område for rekreasjon og naturopplevingar 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Friområde, friluftsområde og gjennomgåande turveggar skal sikrast i arealdelen ▪ Vurdere behov for fysiske tiltak i populære rekreasjonsområde som skal verne naturen mot slitasje ▪ Sikre at utbygginga i Kjøsområdet ikkje foringer landskaps- og naturverdiane i området.

3.4 TURISME OG HYTTEBYGGING

Dei mest populære rekreasjon- og friluftsområda i kommunen vil vi på sikt prøve å leggje til rette slik at alle innbyggjarane kan ta del i naturopplevingar.

DETTE SKAL SKJE GJENNOM Å:

- Vidareutvikle turismen i Hornindal
- Vurdere høveleg areal til hyttebygging
- Leggje vekt på estetisk utforming av hytter i seterområde
- Oppmode til samarbeid mellom dei ulike interessentane innanfor turisme.

3.4.1 TURISME I HORNINDAL

Hornindal har eit stort uutnytta potensiale med tanke på turisme. Vi har både ein rik kulturarv, setredalane og Nord Europas djupaste innsjø. Desse kvalitetane ønskjer vi å nytte i samband med turisme i Hornindal. Ei satsing på turisme kan vere med på å få økonomisk vekst i kommunen.

Setredalane er verdifulle område ikkje berre for landbruksnæringa som ein utmarksressurs, men også som eit rekreasjons- og friluftsområde. Mange ønskjer seg hytte i området og det snørike og familievennlege skiterrenget har ført til planar/etablering av skisenter i Grendadalen.

Nokre ønskjer ikkje endringar i bruk av setredalane, enkelte ønskjer det for eigen fritidsbruk, mens andre igin ønskjer å utvide gardsøkonomien med hytteutleige både sommar og vinter. Ved hjelp av setredalsanalyse vil Hornindal kommune leggje til rette for at ein kan utnytte potensiale for fjell- og hytteturisme utan at kvalitetane ved områda blir øydelagde. Utbygginga av nye hytteområde i sona nærast setrestøylen skal skje som klynger, og kan ha karakter av ”nye” setrar.

Dersom ein skal utnytte potensialet for turisme må ein først og fremst tenkje kva for turistar er det som ønskjer å feriere her, og kva tilbod spør dei etter.

Hornindal kommune er spesielt ettertrakta av regionale turistar, t.d. dei som bur langs kysten av

Nordfjord og Sunnmøre. Denne gruppa har tradisjon for å trekke til indre strok både vinter og sommar, og nettopp denne gruppa vil truleg finne det attraktivt å leige eller kjøpe hytte i Hornindal. Skianleggjet i Grendadalen kan vere med på å gi eit meir heilskapleg tilbod til turistane, samtidig som det vil være til stor glede for bygdefolket.

Hornindalsvatnet kan òg ha potensiale for å trekke til seg turistar til bygda. Kanskje er det utenlandske turistar frå storbyar i Europa som ønskjer å oppleve ro, rein natur, frisk luft, eller ser stor spennande fiske i vatnet. Gjennom kommunedelplanen for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget ønskjer vi å leggje til rette for småbåthamner på eigna stader langs vatnet.

3.4.2 AREAL TIL HYTTEBYGGING

Turisme og hyttebygging er ein av hovudstrategiane for å nå visjonen om kommunen si utvikling i åra framover, og kommunen har ein strategi om å kunne leggje til rette for hyttebyggjeng, og utnytte potensialet som Hornindal har i høve til hytteturisme. Ut frå dette ønskjer vi å leggje til rette for at det skal vere mogleg å byggje hytter i bygda, men då på ein slik måte at hyttebygginga ikkje forringar kvaliteten av natur og kulturlandskap i seterområda eller andre deler av kommunen.

Område som i arealdelen er avsett til hytteområde er vurdert i forhold til dei prinsippa som er nytta i "Seterdalsanalysen". Vi tek i første rekke omsyn til at hyttene skal plasserast i område vi vurderer som lite sårbare for inngrep. Eigedomsforhold blir i denne samanheng underordna. Det er først og fremst område med interesse for hyttebygging vi tek opp til vurdering. Område, som i føregåande kommuneplan opna for hyttebygging, og som ikkje har blitt bygt ut, vil bli vurdert på nytt. Fell disse areala innanfor område som no blir vurdert som sårbare for inngrep, kan dei bli fjerna frå kommuneplanen. I arealdelen sin tekstdel vil det kome fram korleis vi har vurdert dei enkelte områda.

Setervollen og dalen innanfor er definert som svært sårbare for inngrep (sone 1), og kommunen ønskjer å bevare desse unike miljøa. Her vil det berre bli tillate med restaurering av eksisterande bygningar og sterkt avgrensa fortetting, alt i samsvar med prinsippa i seterdalsanalysen.

Utanfor setervollen er nokre mindre avgrensa område vurdert som aktuelle for ny hyttebygging, sjølv om også desse er sårbare for inngrep (sone 2). I dei fleste av desse områda finn vi enkeltstående hytter, og nybyggjenga her skal avgrensast til nokre få klynger, og utførast slik at det vil gi eit meir samlande og heilskapleg inntrykk av området.

Utkantane av setredalane er minst sårbar for inngrep (sone 3), og her kan det tillatast hyttebygging for m.a. utleige og anna kommersiell bruk.

Sårbarheitskartet viser kvar ein skal vere varsame med inngrep, og med dette grunnlaget kan ein

leggje til rette for hyttebygging som ikkje øydelegg opplevingsverdien av seterdalane. Arealdel til kommuneplanen frå 1990 hadde med 8 byggjeområde for hytter, og 8 område utan hyttebygging. Alle desse områda er vurdert på nytt både i forhold til dagens situasjon og vurderingane i seterdalsanalysen.

3.4.3 BYGGJESKIKK

Hytter og sel i setredalane skal vere tufta på tradisjonell byggstil slik at bygningane ikkje representerer element som vil forringe kulturlandskapet sin opplevingsverdi. Tilbygg, påbygg og ombyggjeng skal følgje prinsippa i seterdalsanalysen, og det kan bli sett arealgrense både for tilbygg, evt. terrasse, m.m.

3.4.4 SAMARBEID MELLOM AKTØRAR INNANFOR TURISME

Gjennom arealdelen til kommuneplanen vil Hornindal kommune leggje til rette for hyttebyggjeng, men sjølv utbygginga er avhengig av privat initiativ. For å få til gode løysingar for alle partar er det nødvendig å samarbeide om arealbruken og utbygging av hytteområda.

Ulike faktorar har vore avgjerande ved lokalisering av nye hytteområde, og kommunen har for eksempel prioritert landskapskvalitetar framfor eigedomsgrenser. Dette resulterer i at enkelte grunneigarar får hytteområde på sin eigedom, mens andre ikkje får.

Dette kan føre til følgjande situasjonar :

- Grunneigaren ønskjer å byggje hytter, men har ikkje fått avsette hytteområde på sin eigedom.
- Hytteområdet fell i stor grad på ein grunneigar som ikkje er interessert i å bruke området til hyttebygging.

Desse eksempla viser at det er behov for samarbeid mellom grunneigarane for å kunne realisere hyttebyggjenga. Nyttig hjelp i slike situasjonar kan ein elles få hjå jordskifteverket.

Det vert sett krav om utbyggingsplan/reguleringsplan før hyttebygginga kan ta til, og grunneigarane i området bør samarbeide om for å få den beste løysinga, både i høve til samla arealutnytting og for den enkelte.

Hytteområda i sone 2 og 3 er i arealdelen definert som byggjeområde for fritidsbebyggelse, med enkelte generelle krav om plassering m.m. :

- Før første hytte blir bygd skal det ligge føre utbyggingsplan/reg.plan for heile området. Slik kan kommunen sjå til at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til plassering av hyttene i landskapet, og i forhold til kravet om klyngebebyggelse.
- Talet på hytter skal ikkje fråvikast. Vi ønskjer ikkje hyttebygging i større omfang enn det arealdelen legg opp til.
- Kommunen si oppgåve er å leggje til rette for utbygging, men det er opp til private å byggje ut hytteområda. I dette ligg òg at private må ta kostnadene med utarbeiding av regulerings- og utbyggingsplanar, og der det er aktuelt, samarbeide med andre grunneigarar om planleggjenga og gjennomføring av tiltaket.

I seterdalsanalysen er det sagt at enkelte hytteområde skal vere for folk busett i Hornindal. Men då plan- og bygningslova ikkje regulerer dette, vert det heller ikkje teke inn i kommuneplan-dokumenta. Det er opp til grunneigarane sjølve å avgjere kven dei vil selje hyttetomter til, og i hytteområde med fleire grunneigarar bør planarbeidet også omfatte retningslinjer for utbygging av området, og tildeling av tomter.

For nærare avklaring om rettar og plikter på setervollane vert det vist til prosjektrapporten *Forvaltning og skjøtsel av stolar* (Torgny Ueland 1998), der dei som har stølsrett vert gruppert etter kva rettar dei har.

- Alle som har stølshus, eller har hatt stølshus, har framleis rett til det.
- Gardsbruk som har eigedomsrett i sameige, men som av ulike grunnar ikkje har bygt stølshus, har vanlegvis rett til å byggje stølshus. Plasseringa må likevel avtalast med dei andre i sameige.
- Mindre bruk som har bruksrett til beite i stølsameige har ofte stølsrett knytt til hovudbruket dei er delt frå. Dersom slike vil byggje eige stølshus må det avtalast med eigarane i stølsameige.

Ueland rår eigarane av støylen til å danne stølslag, for å få samarbeidet til å fungere betre. Han peikar på at det i eldre tider også var samarbeid og samråd om tiltak og utbygging på setrane.

HORNINDAL KOMMUNE 2003-2015	HANDLINGSPLAN 2003-2007
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skal satse aktivt på turisme, med tanke på økonomisk vekst i kommunen ▪ Ønsker å gjere Hornindal attraktiv for turisme, gjennom å leggje til rette for opplevingar og aktivitetar både om sommaren og på vinteren. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Sette i gang eit prosjekt med tanke på å utvikle ”Honndalskonseptet” som eksempel på hytteutbygging forankra i lokal kulturarv og lokalt næringsliv ▪ Skianleggjet i Grendadalen er viktig både for å auke grunnlaget for hytteturisme, og for å auke skiaktiviteten i kommunen ▪ Utarbeide planar for forvaltning og bruk av Hornindalsvassdraget, slik at det kan nyttast til både allmenn friluftsliv og økonomisk utvikling i kommunen
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ønsker ei utvikling der landbruksnæringa kan få moglegheit for auka inntekt av utmarksområda, utan at kvalitetane i områda blir øydelagde. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skal leggje Seterdalsanalysen til grunn for all planlegging av hytteområde i setredalane. ▪ Vil leggje vekt på at all hyttebygging må skje etter private initiativ. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennom arealdelen klarere område for hyttebygging. ▪ Sette plankrav for all hyttebygging ▪ Sette estetiske krav for all hyttebyggjeng i tråd med Seterdalsanalysen. ▪ Fastsette endeleg tal på hytter innanfor kvart område. Talet skal ikkje fråvikast utan grundige vurderingar, i samband med rullering av kommuneplanen.

3.5 FRAMTIDSRETTA LANDBRUKSNÆRING

Hornindal er ein typisk landbrukskommune, og landbruket pregar i stor grad kulturlandskapet og kulturhistoria i bygda. Landbruksnæringa forvaltar mykje av arealet i kommunen, men representerer ei næringsgrein som stadig møter nye og strenge krav frå sentralt hald. Hornindal kommune ønskjer å gjere strategiske val for å sikre ei framtidretta landbruksnæring.

DETTE SKAL SKJE GJENNOM Å:

- Styrke samarbeidet innanfor landbruksnæringa
- Ta vare på og styrke det sosiale og kulturelle livet i bygda.
- Syte for at alt jordbruksareal blir halde i hevd slik at vi kan bevare kulturlandskapet
- Leggje til rette for spreidd bustadbygging på ein slik måte at vi kan unngå uheldig oppstykking av jordbruksareal.

3.5.1. LANDBRUKSNÆRINGA

Mange innanfor landbruksnæringa slit med å få økonomisk lønnsemd på bruka sine, noko som fører til at mange misser motivasjonen og legg ned drifta. Talet på bruk går derfor ned i Hornindal òg, slik som i resten av fylket. Med meir forutsigbare rammevilkår finst her likevel gode moglegheiter for å drive lønnsamt landbruk også i framtida. Dette må bøndene ta omsyn til når drifta skal planleggast, og det er viktig at drifta ikkje berre blir basert på statlege overføringar.

Dei fleste som driv landbruk i Hornindal har jobb ved sida av garden, og berre nokre få har garden som einaste inntektskjelde. Landbruksnæringa har meir og meir måtte rette seg etter marknadsprinsippet, og denne utviklinga har kommunen små mulegheiter for å få snudd. Det er næringa sjølv som må ta ansvar på dette området.

Dei som har størst lønnsemd er dei som tør å tenkje nytt, og satse utradisjonelt for å ta i bruk heile garden sitt potensiale. Ikkje alle har ressursar til slik satsing åleine, og kommunen vil derfor oppmode til samarbeid, og oppfordre fleire om å vurdere ulike samarbeidsformer før avgjerd om nedleggjeng vert teken.

Kommunen har tru på at ulike samarbeidsløysingar kan vere med på å gi ny giv for landbruksnæringa.

- Samarbeid fører til ei meir rasjonell driftsform
- Samarbeid kan gi meir fritid
- Samarbeid kan føre til at arbeidet glir lettare, og blir mindre belastande

Gjennom gode samarbeidsprosjekt kan den enkelte yte det vedkomande har kompetanse og interesse av i forhold til landbruksdrifta. Vi ønskjer framleis heiltidsbonden, men innser at meir utradisjonell tenking kan vere naudsynt for å bevare denne yrkesgruppa. Det å slå saman bruk til større einingar er ikkje einaste løysinga.

Vi ønskjer eit mangfaldig landbruk i Hornindal, der det også er plass for dei små bruka. Sjølv om dei nødvendigvis ikkje giv den store avkastinga, ser vi verdien av levende bygder og eit godt skjøtta kulturlandskap.

I Hornindal har vi også store skog- og utmarksressursar som kan utnyttast sterkare enn i dag, men også her vil eit breiare driftsgrunnlag (samarbeid mellom fleire) kunne gi store fordelar.

Gjennom kommuneplanen ønskjer vi å leggje til rette for at næringa kan utnytte og utvikle alternative driftsformer, som kan gi landbruket større lønnsemd. Både turisme, jakt og fiske, mini-/mikrokraftverk m.m. er eksempel på driftsformer/ tilleggsnæringar som treng avklaring og tilrettelegging gjennom kommuneplanen.

3.5.2. BYGDA EIN GOD Plass Å BU

Hornindal kommune er ein typisk landbrukskommune med stor grad av spreidd busetting, men der nedlegging i landbruket er ein trussel mot slik busetnad. Eit godt liv inneber for dei fleste eit sosialt miljø kring seg. Dei organiserte laga i bygdene har sjølv eit ansvar for å utvikle identiteten i bygda.

Kommunen ønskjer å oppretthalde busettinga og det gode bumiljøet i bygdene, og vil derfor leggje stor vekt på dette under handheving av bu- og driveplikta.

3.5.3. AREALFORVALTNING

Område prega av landbruk gjennom generasjonar får eit særprega kulturlandskap. Dette er av stor verdi for alle som bur i kommunen, og er ein del av identiteten vår. Det er også dette kulturlandskapet som gjer Hornindal til ein attraktiv stad for turistar frå inn og utland. Dette er ein verdi vi må verne om. Den beste måten å ta vare på denne kvaliteten er å sikre ei berekraftig drift av desse areala.

Landbruksnæringa forvaltar desse areala til glede for alle i bygda, og derfor er nedlegging ein trussel mot framtidig skjøtsel av kulturlandskapet.

3.5.4. SPREIDD BUSTADBYGGING I LANDBRUKSOMRÅDE

Hornindal kommune ønskjer levande bygder, og har samtidig eit ønske om at mest mogleg av landbruksarealet skal vere i drift på ein måte som bevarer kulturlandskapet. Levande bygdemiljø er avhengig av at folk ønskjer å bu der, og kommunen vil å leggje til rette for at dei som ikkje er tilknytt gardane også skal få høve til å etablere seg i bygdene.

Kommunen vil derfor opne for spreidd utbygging i LNF-område, som ikkje er karakterisert som verdfulle landbruksområde. For å få gode og kostnadsreducerande løysingar for veg, vatn og avløp er det ønskjeleg at utbygginga skjer i mindre klynger, med vekt på god plassering i høve til natur- og

kulturlandskapet. Planlegging og utbygging etter slike prinsipp trur vi òg vil gi dei beste bumiljøa, og av omsyn både til miljø og beredskap må infrastrukturen vere på plass før utbygginga tek til.

HORNINDAL KOMMUNE 2003 – 2015	HANDLINGSPLAN 2003-2007
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skal oppmuntre landbruksnæringa til å tenkje nytt og utradisjonelt, for å ta i bruk heile garden sitt økonomiske potensiale. ▪ Ønskjer eit mangfaldig landbruk der det er plass til dei små bruka samtidig som heiltidsbonden må få tenlege driftsforhold 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Oppmuntre til ulike samarbeidsløysingar for å redusere talet på nedlagde gardsbruk. ▪ Leggi til rette for utradisjonelle driftsformer gjennom arealplanlegginga
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ønskjer å oppretthalde busettinga i alle delar av kommunen 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennom handheving av bu- og driveplikta, leggje stor vekt på å oppretthalde busettinga og det gode bumiljøet i bygdene ▪ Støtte opp om lag og organisasjonar i bygdene, som har eit ansvar for det sosiale miljøet i bygdene
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ønskjer ei berekraftig drift av kulturlandskapet, og vil derfor leggje vekt på dette i konsesjonssaker. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennom arealplanlegginga leggje til rette for spreidd bustadbygging på eigna stader innanfor LNF-området 	<ul style="list-style-type: none"> ▪

3.6 KOMMUNIKASJON - NØKKELE TIL UTVIKLING

DETTE SKAL SKJE GJENNOM Å:

- Realisere Kvivsvegen
- Ruste opp/ leggi om RV 60
- Sikre tilgang til breidbandnett for alle

Dersom distriktskommunane (rurale) skal vere attraktive bukommunar må innbyggjarane ha tilgang til det urbane.

Næringslivet er meir avhengig av den eksterne marknaden og treng kontakt med denne framfor den lokale marknaden. Vareproduksjon må også nå marknaden raskt - på gode og raske vegar.

Breidband er nødvendig om ein skal utvikle eit næringsliv basert på ny teknologi og nye tenester.

KVIVSVEGEN

Det har vore jobba med å få realisert Kvivsvegen i ei årrekke, og no ligg prosjektet inne i nasjonal transportplan for 2002-2011, med ei løyving på 200 mill i perioden 2006 – 2011. Det manglar 400 mill for at vegprosjektet er finansiert. Kommunen vil påverke dei politiske prosessane slik at prosjektet blir teke med i Nasjonal transportplan 2006-2015.

Å få kyststamvegen gjennom Hornindal er viktigaste enkeltelement for å få ei positiv utvikling i kommunen. I visjonen har vi sagt at Hornindal skal bli ein god bukommune, og då er det viktig å sjå kva faktorar som kan bidra til ei slik utvikling. Skal kommunen bli ein del av ein større

arbeidsmarknads-, bu- og serviceregion er god kommunikasjonen ein av dei viktigaste faktorane.

Det er ein generell trend til at ”grøne regionar” med gode bumiljø også kan vere attraktive for ulike næringsaktivitetar, men då er gode kommunikasjonar til kunnskapsmiljø, og tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse viktige føresetnader. Ved byggjeng av Kvivsvegen vil desse føresetnadene vere oppfylt, og innbyggjarane kan nå både ein større arbeidsmarknad, eit vidt spekter av tenestar og eit allsidig aktivitetstilbod. Næringslivet i kommunen vil samtidig få betra tilgang til marknaden, sikrere tilgang på kvalifisert arbeidskraft, og betre kontakt med kunnskapsinstitusjonar. Med realisering av Eiksundsambandet blir det også kortare veg til det industrielle klusteret (næringsklynge) på ytre Sunnmøre.

Hornindal kommune vil argumentere for tidlegast mogleg oppstart med byggjeng av Kvivsvegen, og for å sikre kontinuitet og kvalitet i planarbeidet vil kommunen vere i aktiv dialog med, og ha eit godt samarbeid med Statens Vegvesen.

Kommunedelplan for Kvivsvegen Grodås – Møre grense blei vedteken 15.05.03, der den austre traséen blei valt. Følgjande planar er utarbeidd eller skal utarbeidast før ein kan setje i gang arbeidet med vegen:

- Fylkesdelplan (er utarbeidd)
- Konsekvensutgreiing (er utarbeidd)
- Kommunedelplan (er utarbeidd)
- Reguleringsplan (skal utarbeidast)

Samtidig med dei føreståande planprosessane er ein avhengig av at finansieringa av prosjektet kjem på plass. Det er Nasjonal transportplan(NTP) som prioriterer tiltak som skal finansierast innanfor transportplanperioden, og når prosjektet er kome med der er realisering av tiltaket også avhengig av regjeringa si budsjettering. Hornindal kommune vil påverke alle instansar for at Kvivsvegen blir teken med i planane så tidleg som mogleg.

Når detaljplanane er klare kan det søkjast om forskottering/ finansiering av prosjektet, eller deler av det med bompengar. Fylkesdelplanen konkluderer med at Kvivsvegen er dårleg eigna for bompengefinansiering på grunn av lite trafikkgrunnlag, mens KU meiner trafikkgrunnlaget er tilstrekkeleg for delvis bompengefinansiering. Slik finansiering vil på den eine sida føre til tidlegare anleggsstart, men kan på den andre sida forseinke den regionale utviklingsprosessen, noko som strir mot føremålet med Kvivsvegen. Vegvesenet m.fl. ser likevel byggjeng av Kvivsvegen og opprusting/ omleggjeng av Rv 60 som parallelle prosjekt, der masse frå Kvivstunnelen kan brukast direkte på riksveg 60. Ut frå dette vil derfor tidleg anleggsstart på Kvivsvegen føre til raskare opprusting/

omleggjeng av riksvegen gjennom Hornindal, noko som har stor betydning for det lokale næringslivet. Kommunen vil derfor gjere ei grundig vurdering av konsekvensane bompengefinansieringa kan få.

RV 60

RV 60 er svært viktig både for gjennomgangstrafikken og for lokaltrafikken i Hornindal, men den dårlege vegstandarden har vorte eit stort problem for mange brukarar. Særleg alvorleg er det for næringslivet i bygda, der fleire slit med store ekstrakostnader p.g.a. av dårleg veg. Også turistnæringa merkar konsekvensane av dårleg vegstandard, ved at fleire legg reiseruta utanom Hornindal. For å betre tilhøva for næringslivet, og for lokal- og gjennomgangstrafikken i bygda, vil kommunen arbeide for ei snarleg opprusting/ omleggjeng av riksvegen. Beste garantien for at det blir fortgang i dette er tidleg anleggstart på Kvivsvegen.

Den godkjende hovudplanen for RV 60 Grodås - Møre grense vil bli lagt til grunn også i komande kommuneplanperiode. Evt. endringar av trasèen kan derfor berre skje gjennom eigen kommunedelplan for heile eller deler av riksvegen. Om dette er aktuelt er uvisst, men både for grunneigarar, og andre oppsitjarar, næringslivet m.fl. er det viktig å avklare evt. endringar i trasèen tidlegast mogleg i kommuneplanperioden. Dette giv større sikkerheit for alle, men særleg viktig er det for dei som på ein eller anna måte blir direkte berørt av det valet som blir gjort. Eksempel på dette Honndalsrokken Turistsenter og grunneigarane på strekninga Haugen/ Seljeset - Møre grense.

For kommunen vil det også vere viktig at dei deler av eksisterande riksveg som vert omklassifisert får status som fylkesveg.

IKT

IKT kan i framtida vere like så viktige kommunikasjonslinjer som vegane er i dag. Hornindal ønskjer å satse aktivt på utvikling av gode IKT løysingar, og vere mellom dei fremste i å nytte teknologien til beste for innbyggjarane og næringslivet. Vi skal vere aktive i regionen, og leggje til rette for utbygging av nett med høg kapasitet (breiband), og kommunen har ei klar målsetting om at heile bygda skal ha tilgang på breiband i første halvdel av kommuneplanperioden. Kommunen ser også på IKT som ein nøkkel til samarbeid med andre offentlege instansar og kommunar, og vil satse aktivt på kompetansebygging av tilsette i kommunen.

Hornindal kommune vil leggje til rette for at kompetansebedrifter kan etablere seg i kommunen, og dette kan mellom anna skje ved støtte gjennom næringsfondet og andre næringsretta tiltak. Kommunen vil også bidra til at infrastruktur vert bygt ut til konkurransedyktige prisar.

HORNINDAL KOMMUNE 2003 - 2015	HANDLINGSPLAN 2003-2007
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kvivsvegen skal realiserast i løpet av planperioden 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Påverke nødvendige offentlege instansar slik at Kvivsvegen blir fullfinansiert i NTP 2006 - 2011 ▪ Vere i dialog med Statens Vegvesen for å sikre kontinuitet og kvalitet i planarbeidet, med tanke på anleggsstart tidlegast mogleg
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Omlegging/opprusting av RV 60 skal skje parallelt med bygging av Kvivsvegen 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Leggje til grunn den godkjende hovudplanen også i komande kommuneplanperiode. ▪ Syte for at nødvendig planarbeid blir sett i gong til rett tid slik at bygginga av RV 60 kan skje parallelt med bygging av Kvivsvegen.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Arbeide for at heile bygda får tilgang til breidband i første halvdel av planperioden ▪ Utvikle IKT som ein nøkkel til samarbeid med andre offentlege instansar og kommunar. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Bidra til at infrastrukturen innanfor IKT blir bygt ut til konkurransedyktige prisar ▪ Næringsplanen skal leggje til rette for at kompetansebedrifter kan etablere seg i kommunen ▪ Byggje opp dei tilsette sin IKT-kompetanse

3.7 HORNINDAL EIT KNUTEPOINT MELLOM REGIONAR

I løpet kommuneplanperioden kjem Kyststamvegen gjennom kommunen, og Hornindal vil då få ei sentral plassering mellom regionane Nordfjord og søre Sunnmøre.

Hornindal kommune ønskjer å bli eit knutepunkt mellom desse regionane, og for å få til dette må vi ta eit ansvar for utviklinga i området.

DETTE SKAL SKJE GJENNOM FØLGJANDE TILTAK :

- Interkommunalt samarbeid på fleire område
- Vere pådrivar for utviklinga av ein større samanhengande arbeidsmarknads-, bu- og serviceregion.
- Ta eit naturleg ansvar for samfunnsutviklinga i regionen for å gjere den meir konkurransedyktig.

INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Det er den økonomiske situasjonen for einskildkommunane som ofte legg føringar for omfanget av regionalt samarbeid. Regjeringa har uttalt at det kan bli sett vilkår om at kommunar med økonomiske vanskar vurderer interkommunalt samarbeid eller kommunesamanslåing, før økonomisk støtte vert givne.

Hornindal kommune samarbeider regionalt på mange område, og ønskjer å vere pådrivar for det regionale samarbeidet i Nordfjordregionen. Vi ser på interkommunalt samarbeid som nødvendig for å sikre innbyggjarane tenester av god kvalitet, spesielt på område der vi som liten kommune er sårbare.

Omsynet til innbyggjarane sin trong for tenestar er viktigaste argumentet for kommunen i den pågåande regionaliseringsdebatten. Kommunen er open for alle typar samarbeid som kan betre eller

oppretthalde eksisterande tenestetilbod, uansett om dette skjer på tvers av kommune- og fylkesgrenser, og på tvers av forvaltningsnivå. I dette ligg at tenestene skal vere lett tilgengeleg og av god kvalitet. Den administrative organiseringa av kommunen blir derfor underordna omsynet til innbyggjarane.

Eit godt tenestetilbod krev både kompetanse og økonomiske ressursar. På område der kommunen har vanskar med å oppretthalde eller å rekruttere god nok kompetanse, eller kommunen aleine ikkje har økonomi til å tilby ei teneste av god nok kvalitet, vil eit interkommunalt samarbeid vere med på å sikre tenestene til innbyggjarane. Det kan også vere slik at samarbeid på enkelte område vil kunne "frigi" økonomiske midlar, og dermed gi ein viss handlefridom på andre område.

Interkommunalt samarbeid vil gi kommunen mange moglegheiter, men vi vil òg ha trong for å få tilført ressursar frå andre kommunar i slike samarbeidsprosjekt. Vi ønskjer derfor å vere budde på å yte resursar til slike prosjekt, både når det gjeld økonomi og kompetanse. I regi av Nordfjord regionråd er det gjort ei analyse av moglegheitene for interkommunalt samarbeid på fleire tenestenivå, og på nokre område har samarbeidet kome i godt gjenge.

ARBEIDSMARKNADS-, BU- OG SERVICEREGION

Ideelle regionar skal vere robuste på ein slik måte at folk som bur i området kan ha tilgang til ein variert og stabil arbeidsmarknad, og til eit variert servicetilbod innan akseptabel avstand.

Utviklinga i ein region er eit samspel mellom:

- menneska sine val om kvar og korleis dei ønskjer å bu, arbeide og leve
- næringslivet sine avgjerder om tilpassing til marknadskrav, og forholdet til kundar, leverandørar, arbeidskraft og kunnskapsmiljø.

Samarbeid med andre kommunar i regionen, og ei overordna målsetting om at det er regionen sine kvalitetar som må utviklast framfor einskildkommunane, er ein føresetnad for at regionen skal utvikle seg til ein robust arbeidsmarknads-, bu- og serviceregion.

Vi må ikkje kome i ein slik situasjon at kommunane konkurrerer med kvarandre om tiltak som skal ha ein regional funksjon. Det er samtidig viktig å støtte opp om tiltak i andre kommunar som kan påverke utviklinga i heile regionen på ein positiv måte.

SAMFUNNSUTVIKLINGA I REGIONEN

Regionaliseringa som pågår i Noreg skal gjere den offentlege forvaltninga meir effektiv, og vere eit middel for å styrke distrikta. Regionalt samarbeid vil derfor medverke til ei positiv utvikling av distrikta. Hornindal kommune ønskjer å vere pådrivar i ei slik utvikling, og med dei planlagde kommunikasjonslinjene vil vi tilhøyre ein slagkraftig region med om lag 70000 innbyggjarar.

Kommunen må finne sin plass i det nye regionale Noreg, og vere bevisst den utviklinga som skjer. Hornindal sitt største bidrag til samfunnsutviklinga i regionen vil vere å medverke til at kommunikasjonane blir meir effektiv, m.a. ved å syte for at Kvivsvegen og opprusting/ ombygging av RV 60 blir ein realitet.

Kommunen må også ha ei klar haldning til konkurransen som kan oppstå mellom dei ulike områda i ein region, og mellom regionane.

Vi ønskjer ikkje å bli ein gløymd plass som folk flest berre køyrer gjennom på den nye Kyststamvegen. I visjonen for kommunen er det sagt at Hornindal skal bli eit knutepunkt mellom regionar, og Kvivsvegen vil føre til at Hornindal blir eit slikt knutepunkt. Dette må vi utvikle til noko meir, slik at bygda kan bli eit naturleg val for verksemdar som ynskjer å etablere seg i dette knutepunktet.

Vidareutvikling av eigenarta, og ei meir bevisst haldning til eigen identitet, kan gjere Hornindal meir kjent både innanfor regionen og for folk på gjennomreise. Vi ser for oss at Hornindal kan bli ei eiga ”merkevarer” i framtida, men for å få dette til må alle private og offentlege grupper, lag, organisasjonar og næringsliv delta i ein brei og omfattande prosess.

HORNINDAL KOMMUNE 2003 – 2015	HANDLINGSPLAN 2003-2007
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kommunen skal vere pådrivar for regionalt samarbeid i Nordfjordregionen ▪ Hornindal skal bli eit knutepunkt mellom Nordfjord og Sunnmøre 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vere aktiv deltakar i Nordfjordrådet ▪ Ta initiativ til samarbeid mellom Sunnmørsregionar og Nordfjordregionen ▪ Utvikle vertskapsrolla for å etablere Hornindal som ein regional møteplass

<ul style="list-style-type: none"> ▪ Innbyggjarane skal sikrast tenestar av god kvalitet, uavhengig av organisering og samarbeidsformer 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Søkje samarbeid med andre kommunar på område der vi er sårbare ▪ Vidareutvikle samarbeidet mellom Nordfjordkommunane slik at dei enkelte kommunane kan framstå som effektive sjølvstendige einingar
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kommunen vil arbeide for ein robust arbeidsmarknad -, bu – og serviceregion 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vere aktiv pådrivar for realisering av Kvivsvegen og opprusting/ omlegging av RV 60, slik at kommunikasjonane i regionen blir meir effektiv ▪ Støtte opp om tiltak i andre kommunar som kan ha ein regional funksjon, i staden for at vi sjølve etablerer konkurrerande tiltak ▪ Vurdere alle større etableringar i høve til den regionale utviklinga i området

KRISE- OG BEREDSKAPSPLAN FOR HORNINDAL KOMMUNE

Kommunen har utarbeidd Risiko- og sårbarheitsanalyse, og denne er noko av grunnlaget for krise- og beredskapsplanen. Planen er sist ajourført den 27.05.2002.

Planen omtalar rutiner og førebudde handlingar for å møte ulukker og andre påkjenningar, som i art og omfang er meir omfattande enn det som reknast som normalrisiko og normalbelastning i fredstid. I store trekk skal same organisering nyttast også i krigstid. Kriseleiinga skal vere fleksibel og handle på beste måte, alt etter krisesituasjonen som har oppstått.

Kriseplanen kan vere aktuell ved situasjonar som:

- ✓ skade, øydeleggingar eller forstyrringar av eit objekt eller ein funksjon der kommunen er ansvarleg, og dette får konsekvensar utover den reinte tekniske skadeutbedringa, f.eks. vassforsyning
- ✓ evakuering og forlegning av eit antal personar, f.eks. ved brann eller naturkatastrofer
- ✓ anmodningar til kommunen om bistand frå verksemdar som er vorte utsett for skade eller

øydeleggingar, f.eks. ved ein eksplosjon på eit industriområde

- ✓ informasjonshandtering overfor publikum og presse ved ei ulukke eller katastrofe